

# Budsjett for Meland kommune 2015



**Side 3 – 47:** Rådmannen sitt framlegg og kommentarar til budsjett 2015

**Side 48:** Framlegg til vedtak budsjett 2015

Vedlegg:

## **Økonomiske oversikter**

- Driftsregnskap
- Investeringsregnskap
- Anskaffing og bruk av midlar
- Budsjettskjema 1 A - Drift
- Budsjettskjema 2 A – Investering

## Innhald:

1.	Innleiing .....	3
2.	Utvikling i folketal .....	4
4.	Framlegg til statsbudsjettet for 2015 av 8. okt. 2014 - Kommuneopplegget – oppsummering av hovudpunkt.....	9
4.1.	Hovudpunkt i kommuneopplegget i statsbudsjettet for 2015 .....	9
4.2.	Vekstilskot .....	10
4.3.	Realvekst i dei frie inntektene til kommunane i 2015 .....	10
4.4.	Reduksjon i rammeoverføring vert gjeve for følgjande: .....	11
4.5.	Auke i rammeoverføring gjeve for nye oppgåver slik: .....	11
4.6.	Andre satsingsområde / endringar for kommunane i statsbudsjettet: .....	12
4.7.	Inntektsutjamninga .....	12
4.8.	Skjønstilskot.....	13
4.9.	Kommunereform .....	13
5.	Oppsummering av budsjettframlegg 2015 .....	14
6.	Kommentar til finanspostar: .....	15
6.1.	Skatt og rammetilskot .....	16
6.2.	Andre finanspostar inkl. eigedomsskatt .....	17
6.3.	Skatteøre eigedomsskatt .....	17
6.4.	Renter og avdrag .....	17
6.5.	Reservert lønnsoppgjær .....	18
7.	Driftsendringar i budsjettet for 2015 .....	18
8.	Kommentarar frå administrative einingar.....	20
8.1.	Politikk / rådmannskontor .....	20
8.2.	Økonomikontor .....	20
8.3.	IKT .....	20
8.4.	Interkommunalt Brannvern .....	21
8.5.	Rådgevarstaben ekskl. private barnehagar .....	21
8.6.	Private barnehagar .....	21
8.7.	Kommunal Barnehagedrift .....	23
9.	Skulesektoren generelt .....	23
9.1.	Grasdal skule .....	25
9.2.	Meland Ungdomsskule .....	26
9.3.	Rosslund skule .....	26
9.4.	Sagstad skule .....	27
9.5.	Vestbygd skule.....	27
10.	Helse, NAV, Barnevern, Sjukeheimen og Heimetenest .....	28
10.1.	Helse .....	28
10.2.	NAV / Sosiale tenester .....	28
10.3.	Flykningar / innvandrarar .....	29
10.4.	Barnevern .....	29
10.5.	Meland sjukeheim .....	29
10.6.	Heimetenesta .....	30
11.	Kultur .....	31
12.	Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK) .....	32
12.1.	Organisering .....	32
12.2.	Utfordringar ved Plan, utbygging og kommunalteknikk .....	32
12.3.	Rapportering på vedlikehaldsplanen for kommunale bygg.....	34
12.4.	Rapportering på status for private planar og kommunale planar / utgreiingar .....	35
12.5.	Oppsummerande kommentar til driftsbudsjett 2015 for PUK .....	36
14.	Investeringsbudsjett 2015 og kapitalrekneskapen for 2015 .....	38
14.1.	Ordinære investeringar .....	38
14.2.	Investeringar vassverk og avlaup.....	43
14.3.	Finansiering av investeringane og andre kapital- og finansieringspostar .....	47
15.	ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK .....	48

## 1. Innleiing

Profilen i dette budsjettet må vel seiast å vere reduksjon i eigedomskatt. Det er ei oppfylging av eit klart politisk fleirtal sit vedtak då vi handsama budsjettet for 2014.

Auken i frie inntekter har gjort at vi for 2015 likevel har klart å sy saman eit budsjett utan å måtte kutte i eksisterande drift for å finne rom for naudsynte nye tiltak og kostnadsjustering av eksisterande drift. Dei vesentlegaste årsakene til dette er:

- Relativt stor auke i utgiftsutjamning og veksttilskot som gjer det mogeleg å vidareføre driftsnivået for 2014 og i tillegg ta inn nokre nye tiltak.
- Ny budsjettprosess som vart innført i 2014 forenkla budsjettarbeidet vesentleg. Den nye prosessen inneber at vi administrativt arbeider med økonomiplanen på våren, og legg han fram til formannskap og kommunestyret for vedtak i mai/juni. Økonomiplanen inneheld viktige prioriteringar og analyse av inntektsnivå i kommande budsjettår, og gjev samstundes føringar på kva som bør prioriterast på lengre sikt (4 år).

Budsjettarbeidet for første år i den vedtekne økonomiplanen inneber å ta utgangspunkt i allereie vedtekne prioriteringar, avklare detaljer som ein ikkje legg så stor vekt på i økonomiplanen, og leggje inn oppdatert informasjon om driftsutfordringane som kjem fram i budsjettarbeidet i løpet av hausten.

- God budsjett disiplin som gjer planlegginga enklare og forutsigbar. Som nemnd i løpande driftsrapportering i 2014 er driftsnivået generelt stramt, og innanfor mange tenesteområde er det svært tronge driftsrammer. Generelt god styring og budsjett disiplin gjer at ein likevel i all hovudsak klarer å halde driftsrammene som tenesteområda er tildelt gjennom rådmannen si delegering, og det er difor mogeleg å bruke rammene som grunnlag for vidare planlegging og budsjettering.

Det er likevel eit stramt budsjett. Drifta er nøktern og vi har ikkje klart å heve kvaliteten eller kapasiteten i takt med auka folketal. Vi hadde i 2014 ekstraordinære inntekter frå utbytte og auka eigedomskatt på til saman nær 17 mill kr. Desse har vi ikkje i budsjettet for 2015. Det betyr at auken i utgiftsutjamning til omlag 17 mill kr vert eten opp av reduksjon i andre inntekter. Dette får konsekvensar for kva tilbod vi kan gi til innbyggjarane, og vi har måtta gjere strenge prioriteringar. Målet for budsjettet i 2015 har difor vore å sikre drifta på eit nøkternt, men forsvarleg nivå.

I økonomiplanen for 2015 – 2018 som vart vedteke i juni av kommunestyret ligg det til grunn at vi skal setje av kr 7,7 mill til disposisjonsfond i 2015. Dette er fylgd opp i budsjettet. Vidare er eigedomsskatten som nemnt redusert frå 5 promille til 3 promille i tråd med kommunestyret sit vedtak. Utbytteinntekter er redusert med kr 10 mill frå 2014-budsjettet.

Elles er driftsnivået for 2014 vidareført med følgjande vesentlege endringar:

- 3 nye skuleklassar frå hausten 2015, ein kvar på Grasdal, Sagstad og Vestbygd skular.
- Auke drift på langtidsavdelinga på sjukeheimen med 2 rom frå 15 til 17. Det er i realiteten det vi drifta i dag, så det inneber ingen kapasitetsheving ut over 2014 nivået.
- Auke i driftsutgifter i heimetenesta knytt kostnadsauke i eksisterande ressurskrevjande tenester og avlastning.
- 50% auke i fysioterapeutressurs og ny helsesøsterstilling for å ta inn noko etterslep som fylje av folkevekst
- Andre mindre tiltak (sjå kommentarar til kvart tenestekområde)

Det er eit klart mål å ha ei drift som går i balanse samstundes som vi gradvis byggjer opp eigenkapital til bufferfond og eigenfinansiering av investeringar. For dei som slit med å få kvardagen til å gå rundt, og sårt treng pengar til drift kan det verke urimeleg at vi prioriterer å setje av pengar til fond. Det gjeld både kommunale einingar og andre som har krav på tilskot og overføringar frå kommunen. Likevel meiner rådmann at ein sunn økonomi også tilseier å ha litt reserve. Vi veit vi er sårbare for endringar både på innteks- og utgiftssida. Det er ikkje alle hendingar som kan oppstå i løpet av året vi klarer å ta høgd for i budsjettet. Dersom vi ikkje har økonomiske reserve i form av driftsfond betyr det kutt i tenestene dersom t.d. skatteinntektene skulle svikte, eller det oppstår ein uventa situasjon som krev tiltak.

## 2. Utvikling i folketal

Det viktigaste parameter for utrekning av inntektene for Meland kommune er utvikling i folketal og demografiutviklinga i kommunen.

Kommunar med størst gj.snittleg vekst i folketal siste 5 år						
Nr	Kommune	2008	2013	Sum endr 08-13	Sum endr % 08-13	Gj.snitt pr år
1	1142 Rennesøy	3 888	4 755	867	22,3 %	4,46 %
2	1256 Meland	6 478	7 544	1 066	16,5 %	3,29 %
3	0235 Ullensaker	28 138	32 438	4 300	15,3 %	3,06 %
4	0618 Hemsedal	1 995	2 295	300	15,0 %	3,01 %
5	1657 Skaun	6 437	7 392	955	14,8 %	2,97 %
6	1516 Ulstein	7 052	8 092	1 040	14,7 %	2,95 %
7	1243 Os (Hord.)	16 437	18 678	2 241	13,6 %	2,73 %
8	1124 Sola	22 076	25 083	3 007	13,6 %	2,72 %
9	1119 Hå	15 949	18 115	2 166	13,6 %	2,72 %
10	1122 Gjesdal	9 969	11 317	1 348	13,5 %	2,70 %

Meland kommune er den kommunen i Norge med den nest største gjennomsnittlege folkeveksten i % (3,29%) dei siste 5 åra, etter Rennesøy kommune. Av tabellen går det fram at dei fleste andre kommunane med stor vekst er kommunane som ligg nær dei store byane, som Meland. Kommunen har ei rad særskilte utfordringar knytt til ein så stor folkevekst.

Skatteinntektene og utrekning av inntektsutjammingsmidlane til kommunen er basert på folketal per 1. januar i budsjettåret. Rammetilskotet er basert på folketal pr 1. juli i året før budsjettåret.

Ein god prognose på folketalsutvikling er difor viktig for å kunne fastsette rette inntekter i budsjettet og for økonomiplanperioden. For budsjett 2015 legg vi til grunn same prognose for folketalsutvikling som i den vedtekte økonomiplanen for 2015-2018. Dette inneber ei auke i folketal for året 2014 på 2,8% til 7.753 per 1.1.2015 frå innbyggartalet per 1.7.2017 på 7.544. Dette er litt lågare enn veksten dei siste åra og litt under siste oppdaterte folketalsprognose frå SSB.

Sjå tabellen på neste side for oppsummering av veksten dei 5 siste åra og demografisk fordeling av folketalet.

#### Folketalsutvikling Meland kommune 2010 - 2015

Faktiske tal til og med 01.07.2014, prognose for 01.01.2015

Alle	2010	2011	2012	2013	2014	2015
01.01. i året	6 631	6 824	7 036	7 347	7 544	7 753
Endring frå året før		193	212	311	197	209
Endr. i frå året før		2,9 %	3,1 %	4,4 %	2,7 %	2,8 %
01.07 i året	6 675	6 927	7 220	7 477	7 667	
Endring frå året før		252	293	257	190	
Endr. i frå året før		3,8 %	4,2 %	3,6 %	2,5 %	

Folketall 01.07 fordelt på aldersgrupper:						
0-5 år	607	647	693	743	757	
6-15 år	1 027	1 052	1 065	1 076	1 120	
16-22 år	661	669	693	733	725	
23-66 år	3 758	3 908	4 086	4 197	4 278	
67-89 år	581	608	637	684	739	
90 år +	41	43	46	44	48	
Endring folketall 01.07 fordelt på aldersgrupper:						
0-5 år		40	46	50	14	
6-15 år		25	13	11	44	
16-22 år		8	24	40	(8)	
23-66 år		150	178	111	81	
67-89 år		27	29	47	55	
90 år +		2	3	(2)	4	
Endring folketall 01.07 fordelt på aldersgrupper:						
0-5 år		7 %	7 %	7 %	2 %	
6-15 år		2 %	1 %	1 %	4 %	
16-22 år		1 %	4 %	6 %	-1 %	
23-66 år		4 %	5 %	3 %	2 %	
67-89 år		5 %	5 %	7 %	8 %	
90 år +		5 %	7 %	-4 %	9 %	

### 3. Nøkkeltal for Meland kommune i forhold til investeringsnivå og lånekapasitet

Meland kommune har hatt lite fokus på nøkkeltal. Dette gjeld både det å finne gode nøkkeltal som er relevante for økonomistyringa av kommunen, rapportere på nøkkeltal, og sette seg framtidige mål for spesifikke nøkkeltal.

Fokus i rapportering og styring har vært på rapportering av status i forhold til budsjett, styring i forhold til budsjetttrammer og det å skape positivt driftsresultat. Den overordna målsettinga har vært å komme seg ut

av Robek-registeret, og gjennom dette skape økonomisk handlefridom til å planleggje på lengre sikt. Medan kommunen har vært i Robek-registeret har særleg investeringsrammene vore tronge som følgje av avgrensingar frå fylkesmannen på kva kommunen får ta opp i nye lån.

Det er viktig at kommunen har fokus på eit berekraftig investeringsnivå framover. Trongen for investeringar er stor i mange sektorar. Vi har skular som er fulle, og forventa elevvekst krev store investeringar i skulebygg. Bustader til flykningar og kommunale omsorgsbustader er det og trong for. Vi meiner og det er meir formålstenleg med investering i nye kommunale bustader framfor å betale dyrt i ein pressa leigemarknad. Vi kan og få til større grad av tilrettelegging og tilpassing til brukarbehov når vi eig sjølv. Ny kommunal barnehage er naudsynt for å få betre balanse i fordelinga mellom kommunale barnehageplassar og private plassar. Dette vil kunne gje meir stabilitet i tilskotet til dei private barnehagane, og alternativet til investering vil vere fleire private plassar og dermed større auke i tilskotet.

I samband med den vidare bustadutbygginga vil det og vere store investeringsbehov innan vatn og avlaup. Dette er område som er sjølvkostfinansierte, og såleis skal brukarane betale for finansieringa av desse investeringane gjennom avgifter. Utgreiing av effekten på avgiftsnivået som følgje av slike investeringar må gjerast før vi går vidare med slike investeringsplanar.

I budsjettframlegget har vi vist behov for nye investeringar for totalt kr 299 mill i perioden 2015-18. Av dette er kr 127 mill driftsinvesteringar til vegar, skule etc. medan det er kr 172 mill i framlegg til investeringar innan vatn og avlaup. Budsjettet for 2015 inneheld framlegg om investeringar for kr 74 mill og låneopptak på nær 72 mill.

Sjølv om vi presenterer framlegg til store investeringar er rådmann usikker på om kommunen har økonomi til å bere eit slikt investeringsnivå, og vil difor måtte komme tilbake til ei djupare analyse av dette i samband med revidering av økonomiplanen våren 2015. Basert på dagens svært låge rentenivå vil det og vere lett å rekne seg fram til lønnsemd i mange investeringsprosjekt, men det er viktig å ta høgde for at auka rentenivå i framtida kan råke kommuneøkonomien hardt om investeringar og låneopptak vert for store.

Gode nøkkeltal og tilhøyrande måltal som seier noko om kva avgrensingar ein legg på utviklinga i kommuneøkonomien, lånegjeld og investeringsnivå vil kunne hjelpe til i styring av kva som er mogeleg å få til av investeringar. Etablering av gode modellar for berekning av driftskonsekvensar av investeringane er og viktig å få på plass før ein gjer vedtak om store nye investeringsprosjekt.

Tabellane nedanfor viser sentrale nøkkeltal frå 2013 for Meland kommune på dette området samanlikna med 2 grupper:

1. Dei 25 kommunane i Norge med størst vekst.
2. Kostragruppe 8 som Meland kommune vert rekna inn i.

Årsaka til at vi samanliknar med begge desse gruppene er å sjå om der er nokon forskjell mellom det å vere ein vekstkommune, og det å vere i den kommunegruppa vi normalt vert samanlikna med ut frå like økonomiske føresetnader der vekst er eit mindre viktig kriterium.

## 25 kommunar med størst gjennomsnittleg folkevekst de siste 5 åra

2013: A1. Konsern - Finansielle nøkkeltall og adm., styring og fellesutg. - nivå 2 (K)	Netto driftsres. i % av brutto driftsinnt.	Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinnt.	Netto låne- gjeld i % av brutto driftsinnt.	Netto låne- gjeldpr innb.	Brutto driftsinnt. pr innb.	Frie innt. pr innb.	Andre innt. pr innb.
0137 Våler (Østf.)	1,6	2,1	54,0	33 963	62 884	43 413	19 471
0211 Vestby	8,3	4,7	108,8	66 536	61 151	43 500	17 651
0214 Ås	3,2	4,0	84,7	53 868	63 579	43 725	19 854
0226 Sørum	-0,5	5,6	99,6	61 656	61 896	44 350	17 546
0234 Gjerdrum	-2,2	4,0	89,2	55 564	62 320	47 586	14 734
0235 Ullensaker	5,8	6,7	118,8	74 303	62 563	44 375	18 188
0237 Eidsvoll	0,7	1,6	72,4	41 966	57 964	43 427	14 537
0612 Hole	1,6	4,8	74,0	51 131	69 134	49 991	19 143
0618 Hemsedal	5,0	-0,6	69,8	62 698	89 780	54 013	35 767
0919 Froland	4,3	2,3	90,7	67 843	74 825	47 771	27 054
1102 Sandnes	4,1	2,0	64,7	40 604	62 802	44 634	18 168
1119 Hå	7,0	0,9	35,3	23 350	66 165	43 648	22 517
1120 Klepp	2,1	3,0	56,0	35 046	62 592	44 984	17 608
1121 Time	2,3	1,9	56,9	36 531	64 226	44 137	20 089
1122 Gjesdal	3,6	5,2	85,3	55 953	65 594	44 716	20 878
1124 Sola	1,9	3,7	67,5	43 259	64 128	47 750	16 378
1142 Rennesøy	4,9	7,2	101,0	75 661	74 931	51 394	23 537
1243 Os (Hord.)	6,0	3,2	98,1	60 761	61 906	44 262	17 644
1245 Sund	1,2	2,0	67,7	43 521	64 249	46 118	18 131
1247 Askøy	0,9	6,1	113,7	72 598	63 869	44 999	18 870
1256 Meland	6,4	3,1	76,6	47 760	62 340	46 047	16 293
1516 Ulstein	8,5	5,7	160,4	117 269	73 114	48 294	24 820
1529 Skodje	0,1	5,5	85,8	60 934	71 000	48 796	22 204
1532 Giske	5,2	5,8	133,4	89 988	67 443	47 144	20 299
1657 Skaun	6,5	1,3	54,0	34 022	62 971	44 974	17 997
Gj.snitt:	3,5	3,7	84,7	56 271	66 137	46 162	19 975

Vi ser at Meland kommune i 2013 har gode driftsresultat samanlikna med dei fleste andre i gruppa. To moglege nøkkeltal for måling av gjeldsnivå vil vere:

1. Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter  
Meland kommune har pr i dag ein gjeld på 76,6% av brutto driftsinntekter. Dette er ein del under gjennomsnittet for vekstkommunane, som er 84,7%.
2. Netto lånegjeld pr innbyggjar  
Netto lånegjeld er kr 47.760,- pr innb. Dette er og lågare enn gjennomsnittet på 56.271.

I tabellane har vi og med oversyn over inntekter pr innbyggjar. Då kan vi teste ut om det er samanheng mellom høge inntekter og høg gjeld. Det er teke med inntektskolonne for brutto driftsinntekter, frie inntekter (skatt og rammetilskot), og nettoen av desse, som vi har kalla andre inntekter. Kommunar med høge eigedomsskatteinntekter vise høge tall i denne kolumna. Utbytte og kapitalinntekter ligg ikkje i denne posten, men i netto finans. Dersom kommunen har høge kapitalinntekter vil kommunen ha låge eller negativ netto finanspostar i kolonne 2 i tabellen over.

Vi ser at Meland kommune har frie inntekter på linje med gjennomsnittet, men noko lågare andre inntekter.

Av tabellen over går det fram at fleire av kommunar med særleg høg gjeld, som Ullensaker, Askøy og Giske ikkje har noko særleg høgare inntekter enn Meland kommune.

Vi gjer så samanlikning med kommunane i Kostragruppe 8 for å sjå om det er forskjellig i gjeldsnivå.

#### Kostragruppe 8:

2013: A1. Konsern - Finansielle nøkkeltall og adm., styring og fellesutg. - nivå 2 (K)	Netto driftsres. i % av brutto driftsinnt.	Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinnt.	Netto låne- gjeld i % av brutto driftsinnt.	Netto låne- gjeldpr innb.	Brutto driftsinnt. pr innb.	Frie innt. pr innb.	Andre innt. pr innb.
0124 Askim	3,9	5,8	84,7	56 222	66 357	44 168	22 189
0136 Rygge	0,9	4,5	69,7	43 323	62 196	43 632	18 564
0211 Vestby	8,3	4,7	108,8	66 536	61 151	43 500	17 651
0214 Ås	3,2	4,0	84,7	53 868	63 579	43 725	19 854
0215 Frogn	5,7	3,7	74,2	46 269	62 395	44 975	17 420
0234 Gjerdrum	-2,2	4,0	89,2	55 564	62 320	47 586	14 734
0623 Modum	1,2	3,0	33,6	22 691	67 579	45 056	22 523
0627 Røyken	4,6	2,6	34,3	20 519	59 884	43 710	16 174
0702 Holmestrand (-19)	8,2	2,0	91,5	58 493	63 903	44 350	19 553
0814 Bamble	2,0	1,4	64,8	46 833	72 301	43 760	28 541
0815 Kragerø	2,9	4,8	97,0	73 347	75 581	48 084	27 497
0904 Grimstad	2,6	2,3	70,5	48 049	68 187	44 346	23 841
1003 Farsund	3,4	2,7	78,4	63 346	80 812	46 613	34 199
1014 Vennesla	3,1	2,7	60,5	38 914	64 292	45 451	18 841
1121 Time	2,3	1,9	56,9	36 531	64 226	44 137	20 089
1127 Randaberg	2,1	3,8	73,4	51 298	69 876	48 954	20 922
1130 Strand	1,6	2,6	49,9	33 680	67 473	45 933	21 540
1221 Stord	3,6	5,3	90,5	59 599	65 852	45 304	20 548
1256 Meland	6,4	3,1	76,6	47 760	62 340	46 047	16 293
1263 Lindås	5,9	2,0	67,0	53 350	79 627	46 971	32 656
1420 Sogndal	6,6	3,2	53,2	40 845	76 748	44 861	31 887
1432 Førde	3,8	4,6	114,8	86 938	75 714	46 687	29 027
1515 Herøy (M. og R.)	-5,1	2,2	81,6	57 809	70 841	48 934	21 907
1621 Ørland	4,6	5,5	110,4	90 359	81 878	48 432	33 446
1719 Levanger	0,6	5,9	93,3	65 787	70 546	45 610	24 936
1721 Verdal	-1,2	6,1	97,7	66 751	68 305	46 691	21 614
1824 Vefsn	1,8	4,9	89,7	71 851	80 065	49 602	30 463
Gj.snitt:	3,0	3,7	77,7	53 946	69 038	45 819	23 219

Vi ser at gjennomsnittleg lånegjeld i denne gruppa er noko lågare enn i vekstkommunane, med eit gjennomsnittleg gjeldsnivå på 77,7% av brutto driftsinntekter, som omtrent svarar til nivået i Meland kommune på 76,6%. Vi ser og at gjennomsnittleg brutto driftsinntekt pr innbyggjar er noko høgare enn hjå vekstkommunane, så vi kan konkludere med at vekstkommunane har høgare gjeld og lågare inntekter enn kommunegruppe 8. I kommunegruppa ser det og ut til at kommunane med høgare gjeldsgrader enn Meland kommune og gjennomgåande har høgare inntektsnivå som kan forsvare ei relativt sett høgare gjeld.

Kommunen bør sette måltal for gjeldsveksten før ein gjer vedtak om framtidig investeringsnivå, slik at ein har eit styringsmål i forhold til framtidig gjeldsvekst. Dette krev nærare utgreiing.

Vi kan gjere eit tenkt eksempel med bruk at lånegjeld pr innbyggjar som måltal:

Meland kommune har i økonomiplanen for 2015-18 spesifisert ein prognose på folkevekst som seier at kommunen skal ha 8.720 innbyggjarar pr 31.12.2018. Dersom vi set måltal på netto lånegjeld pr innbyggjar til 70.000 vil kommunen kunne ha ei netto lånegjeld på kr 610 mill ved utgangen av 2018, som er kr 250 mill høgare enn pr 31.12.2013 då denne var på kr 360 mill. Det må vurderast om kommunen kan takle ei slik lånegjeld med omsyn til renterisiko (risiko for auke i rentenivå), inntektsutvikling etc.



#### 4. Framlegg til statsbudsjettet for 2015 av 8. okt. 2014 - Kommuneopplegget – oppsummering av hovudpunkt

Veksten i rammeoverføring frå 2014 til 2015 vil variera mellom kommunane. Følgjande punkt påverkar kommunane ulikt:

- verknad av endringar i inntektssystemet
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endra kriteriedata og befolkning
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot

##### 4.1. Hovudpunkt i kommuneopplegget i statsbudsjettet for 2015

- Endringar i det økonomiske opplegget for 2015

I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skatteauke for kommunane i år med ca 3,0%. Forventa auke er no justerte ned med kr 750 mill samla for kommunane i høve til nivået i revidert nasjonalbudsjett, slik at ein no reknar med ein årsvekst i 2014 på i underkant av 2,4%.

Lågare skattevekst har samanheng med noko svakare vekst i norsk økonomi, samt litt lågare lønsvekst enn rekna med. Nedjustering av skatteinntektene i år skal ikkje ha innverknad på kommunane sitt inntektsnivå samla i 2015.

- Prisindikatoren for 2015

Denne vert nytta til prisjustering av statleg rammeoverføring og øyremerka tilskot i statsbudsjettet. Prisindikatoren og pårekna lønsvekst for 2014 er uendra i høve til revidert nasjonalbudsjett, og er slik:  
Lønsvekst: 3,3%    Varer og tenester: 2,5%    Samla prisvekst: 3,0%

- Vekst i frie inntekter

Nominell vekst i kommunane sine frie inntekter er på landsbasis frå 2014 til 2015 rekna til 4,8 %. Med pårekna prisvekst på 3,0 %, svarar dette til ein realauke i dei frie inntektene på 1,8 %. For kommunane i Hordaland er den nominelle veksten i dei frie inntektene rekna til 5,4 prosent. Dette fordi fleire kommunar kjem positivt ut av omlegginga i veksttilskotet.

- Skatteauke

Det er rekna med nominell skatteauke for kommunane frå 2014 til 2015 med 4,7 %. Auken er rekna ut frå det som no er pårekna skatteinngang for i år. Lågare skatt i 2014 skal ikkje ha innverknad på inntektsnivået i 2015.

- Skatteøre

Skatteøret for kommunane for 2015 vert redusert til 11,25 % frå nivået i 2014 på 11,4 %. Skattedelen av kommunen sine frie inntekter skal vere 40% - som før.

- Teljetidspunkt for innbyggjartal og aldersfordeling  
Teljetidspunkt som grunnlag for rammeoverføring og utgiftsutjamning for 2015 vil vera 1.juli 2014. For andre kriterium i utgiftsutjamninga enn aldersfordeling er teljetidspunktet 1. januar 2014. For inntektsutjamninga er teljetidspunktet 1. januar 2015. Det er ingen endring i dette frå 2014.
- Småkommunetilskotet og INGAR-ordninga vert vidareført som no.  
Meland kommune vert trekt med kr 486.000,- i 2015 som følgje av INGAR, om lag som i 2014.

#### 4.2. Vekstilskot

- Vekstilskotet blir auka slik at fleire kommunar vil få tilskot og tilskotsnivået for aktuelle kommunar blir høgare. Samla aukar vekstilskotet frå kr 61 mill i 2014 til kr 393 mill i 2015. Veksten er om lag kr 50 mill høgare enn signalisert i kommuneproposisjonen.
- Kommunen må ha hatt ein årleg gjennomsnittleg folkevekst dei siste tre åra over 1,6% for å få tilskot. Det blir gitt kr 55.000,- for kvar innbyggjar over denne vekstgrensa. Auken i samla tilskot for kommunane blir finansiert gjennom trekk i innbyggjartilskotet.
- Vekstgrensa for å få vekstilskot har til no vore gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst på 175 prosent av gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst i landet, for dei siste tre åra. I den nye ordninga vil det berre vere befolkningsvekst i eigen kommune som er avgjerande, ikkje vekst i høve til nasjonal vekst.
- For Meland kommune aukar tilskotet frå 4,1 mill i 2014 til kr 7,5 mill i 2015. Dette er kr 0,2 mill lågare enn utrekningsmodellen signalisert i kommuneproposisjonen.

#### 4.3. Realvekst i dei frie inntektene til kommunane i 2015

Realvekst i dei frie inntektene til kommunane er i sum på om lag kr 3,9 mrd frå 2014 (revidert nasjonalbudsjett) til 2015, som for ein stor del skal gå til å dekke auka ressursinnsats i kommunane til:

- Befolkningsutvikling (kr 2,1 mrd)  
Er redusert i høve til revidert nasjonalbudsjett 2014 (2,7 mrd), og skuldast nye befolkningsframskrivingar med ein lågare vekst enn tidlegare rekna med. Dette i hovudsak knytt til nedgang i talet på barn i barnehagealder i staden for vekst som tidlegare rekna med.
- Auke i pensjonskostnader (0,45 mrd)  
Auken har samanheng med lønsutviklinga, låg rente og auka levealder. Redusert amortiseringstid for nye premieavvik f.o.m. 2014 frå ti år til sju år vil ha effekt frå 2015 og bidra til auka amortiseringskostnader og derav auka pensjonskostnader.
- Styrking av kommunale tenester til personar med rusproblem og psykiske lidningar (200 mill)
- Styrking av helsestasjon og skulehelsetenesta (kr 200 mill)  
Dette er ei ekstra satsing frå tilskotsnivået i 2014, det vil seie frå kr 180 mill i 2014 til kr 380 mill i 2015. Utgjer kr 689.000,- for Meland kommune, omtrent dobling frå 2014.
- Meir fleksible barnehageopptak for å redusera ventetida på barnehageplass (kr 100 mill).

#### 4.4. Reduksjon i rammeoverføring vert gjeve for følgjande:

- Bortfall av kompensasjon for kommunalt medfinans.ansvar vedr. Samhandlingsreforma (kr 5,7 mrd). I 2012 vart det lagt inn i rammeoverføring i overkant av kr 5 mrd til kommunal medfinansiering og kr 560 mill til betaling for utskrivingsklare pasientar (2012-kroner). Ordninga med kommunalt medfinansieringsansvar (20 prosent av utgiftene i sjukehus) blir avvikla og trekt ut av rammeoverføring til kommunane i 2015. Den samla ramma for kommunane for uttrekk er basert på pårekna faktiske utgifter til medfinansiering i 2015 dersom kommunane framleis hadde hatt dette ansvaret. Trekket mellom kommunane blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen for samhandlingsreforma, ikkje faktiske utgifter til medfinansiering i den einskilde kommune.

For Meland kommune har KS berekna at trekket utgjør kr 7,5 mill. I årsrekneskapen for 2013 var kommunen sin utgift kr 7,4 mill og i budsjettet for 2014 er det lagt inn kr 7,7 mill.

- Barnehagar:
  - Auke i maksimalprisen for foreldrebetaling i barnehagar reelt med kr 100,- pr. måned til kr 2.580,- frå 1. januar 2015 (kr 312 mill).
  - I 2014 vart rammetilskotet redusert som følgje av at det var venta mindre etterspurnad etter barnehageplassar som følgje av auka kontantstønning for eittåringar. I revidert nasjonalbudsjett vart dette delvis reversert, slik at det i 2014 er ein netto effekt av uttrekket på rammetilskot. Denne nettoverknaden får ein heilårsverknad på rammetilskotet i 2015, kr 243.4 mill i trekk.
- Kulturskuletilbod i skulen/SFO  
Ordninga med ein veketime kulturskuletilbod i skule/SFO-tida (første til fjerde barnetrinn) er avvikla frå og med skuleåret 2014 - 2015. Heilårsverknad i 2015, kr. 108,5 mill i trekk.
- Gratis frukt og grønt på skuler med ungdomstrinn avvikla frå skuleåret 14–15 (kr 154,5 mill).

#### 4.5. Auke i rammeoverføring gjeve for nye oppgåver slik:

- Barnehagar:
  - Minstekrav til redusert foreldrebetaling for familiar med låg inntekt. Foreldrebetalinga for ein heiltidsplass i barnehage skal årleg maksimalt utgjere 7% av familien sine samla inntekter, med iverksetjing frå 1. august 2015 (kr 111,6 mill).  
Det er svært vanskeleg å rekne ut kva utgifter dette evt. vil utgjere for kommunen. Vi har ikkje berekna dette eller teke med utgifter til dette i budsjettframlegget for 2015.
  - Kompensasjon for reduksjon av maksimalpris
  - Heilårsverknad av opptrapping av minimumstilskotet til ikkje-kommunale barnehagar frå 96% til 98% implementert frå august 2014 (kr 95,9 mill).
- Auka kommunal eigendel i statlege barnevernsinstitusjonar.  
Den kommunale eigendelen ved plassering i barnevernsinstitusjonar aukar til inntil om lag kr. 65.000,- pr. måned frå 1. januar 2015 (kr 164,8 mill).
- Nytt valfag i ungdomsskulen: Heilårseffekt for endring på 10. trinn frå hausten 2014 (kr 98,4 mill).  
Endringane for 8. og 9. trinn er fullt ut kompensert frå og med 2014.

- Brukarstyrt personleg assistanse (BPA).

Stortinget har vedteke endringar i lov om brukar- og pasientrett frå og med 2015, som inneber ein rett til å få tenester organisert som personleg brukarstyrt assistanse. Det omfattar tenester etter helse- og omsorgstenestelova for personar under 67 år. Samla meirkostnadene for kommunane er rekna til kr 300 mill i 2015 aukande til kr 500 mill i 2016. Auke i rammetilskotet kr 300 mill i 2015.

#### **4.6. Andre satsingsområde / endringar for kommunane i statsbudsjettet:**

- Rentekompensasjonsordninga for skulebygg, symjehallar og kyrkjebygg vidareførast. I 2015 er ramma for skulebygg og symjeanlegg, som grunnlag for rentekomp. kr 3,0 mrd.
- Resurskrevjande tenester for tenestemottakarar under 67 år:
  - Det har vore ei betydeleg auke i talet på mottakarar og utgifter pr. tenestemottakar. Staten sitt samla tilskot har difor auka mykje over fleire år, og utgiftene veks framleis mykje. Samla utbetaling var kr 7,25 mrd i 2014 for rekneskapsåret 2013.
  - Kompensasjonsgrad på 80 % for netto utgifter over innslagspunktet vert vidareført.
  - Innslagsnivået for å få kompensasjon vert auka pr. brukar frå kr 1.010.000,- til kr 1.080.000,- for netto utgifter i 2014. Auken er større enn lønsveksten frå 2013 til 2014, og føremålet med dette er å stramma tilskotsordninga noko inn.
- Kompensasjon for betaling for utskrivingsklare pasientar blir i 2015 vidareført med prisjustering og fordelt mellom kommunane etter delkostnadsnøkkel for pleie og omsorg.
- Døgnopphald – kommunal plikt til å tilby hjelp frå 1.1.2016. 2015 er det siste året i opptrappingsplanen over 4 år.
- Det øyremerka tilskotet til dagaktivitetstilbod for demente vert styrka.
- Tilskot til nye sjukeheimplassar og omsorgsbustader: Tilsegn om tilskot til om lag 2500 nye einingar med heildøgnsomsorg for 2015. Maksimalt berekningsgrunnlag av investering for kvar eining er kr. 2.885.000,- i 2014. Dette grunnlaget vert auka i 2015. Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming. Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller utbetring.

#### **4.7. Inntektsutjamninga**

Inntektsutjamninga blir 60 % av skilnaden mellom kommunen sitt skattenivå og gjennomsnittleg skattenivå for landet. Tilleggskompensasjon 35 % for kommunar under 90 % av landsgjennomsnittet blir vidareført. Meland kommune har forventna skatteinntekter på 85,6% av landsgjennomsnittet, og får difor kompensert for 95 % av manglande skatteinntekter opp til 90% av landsgjennomsnittet i 2015, og for 60% av manglande inntekter i forhold til gjennomsnitt for landet. Utrekningane gjerast basert på berekningar av skatteinntekter pr innbyggjar

Som følgje av denne inntektsutjamninga er det skattevekst eller -nedgong nasjonalt som får effekt på sum av skatteinntekter og inntekter frå skatteutjamninga for Meland kommune.

#### 4.8. Skjønstilskot

Totalt er det ei ramme på kr 2 mrd i skjønstilskot for 2015 til kommunesektoren, ein reduksjon på kr 100 mill frå 2014 til 2015. Det vert gjort ein del omleggingar i fordelinga av skjønstilskotet som ikkje får verknad for Meland kommune.

Fylkesmannen i Hordaland har fordelt kr 100,7 mill. av ei total ramme på kr 127,7 mill. til fordeling i Hordland. Resten vert nytta til fornyings- og utviklingsprosjekt - her inngår også by- og tettstadsutvikling, tiltak i samband med mottak av flyktningar, der BLD har utpeika Hordaland og Østfold som prøvefylke, i samband med busetting av flyktningar, og til generell fordeling i året der også uventa hendingar kan bli teke omsyn til. Fylkesmannen tek omsyn til store utgifter til språkdeling for kommunar som har relativt lågt inntektsnivå. Det er teke omsyn til dette for kommunane Sveio, Fjell, Askøy, Os og Meland. Meland kommune får i 2015 kr 3,9 mill av potten som fylkesmannen har fordelt, ein reduksjon frå 4,2 mill i 2014. Fylkesmannen kommenterer tildelinga slik:

*«Kommunen har over mange år hatt akkumulert rekneskapsunderskot. Resten av underskotet vart dekt inn i rekneskapsunderskotet for 2013. Kommunen har hatt høg folkevekst over ein lang periode, og det er no ei svært ung alderssamansetjing. Stor utbygging av barnehage- og skulesektoren samt infrastruktur har vore naudsynt for å møte folkeveksten. Det er behov for å auka skulekapasiteten ytterlegare i den komande økonomiplanperioden.*

*Kommunen får statleg veksttilskot, som aukar i 2015 med omlegginga av tilskotsordninga. Det er pårekna ein auke i veksttilskotet frå kr. 4,1 mill. i 2014 til kr. 7,5 mill. i 2015.*

*Mange av foreldra ynskjer bokmål for barna i skulen og krav om språkdeling gjer at kommunen må oppretta ekstra skuleklassar.*

*Kommunen har gjennomført store innsparingstiltak for å retta opp økonomien og dekkja inn akkumulert underskot. Det har redusert tenestetilbodet til innbyggjarane. Kommunen viser til reduserte tenester til barn og unge, samt tenesteområde som rus og psykiatri. Kommunen utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2009.*

*Kommunen har fått eit høgt skjønstilskot dei siste åra på bakgrunn av den vanskelege økonomiske situasjonen. Kommunen må vere førebudd på at skjønstilskotet blir redusert til eit lågare nivå over dei neste åra.»*

#### 4.9. Kommunereform

Regjeringa legg opp til ei rad tiltak for å stimulere til samanslåing av kommunar. Inndelingstilskotet vert vidareført, det vert gjeve tilskot til dekning av eingongskostnader etter ein standardisert modell, utan søknad og det vert gjeve reformtilskot til kommunar som slår seg saman, uavhengig av storleik på ny kommune. Noverande ordning med skjønstilskot til utgreiing av kommune-struktur blir avslutta.

## 5. Oppsummering av budsjettframlegg 2015

Rådmann har delegert mynde til å fordele samla utgiftsramme på dei ulike tenesteområda som den kommunale administrasjonen er delt opp i. Kommunestyret gjer heller ikkje vedtak om fordeling av ramma. For å forklare innhaldet i budsjettframlegget vil likevel rådmannen i dette budsjettframlegget informere om korleis budsjettamma for 2015 for tenesteområda er tenkt fordelt, korleis utvikling i denne ramma har vore i 2013 til 2015, og kva nye tiltak som rådmann har med i sitt budsjettframlegg.

Budsjettframlegget tek utgangspunkt i dei prioriteringar og føringar som ligg i økonomiplanen for 2015-2018, og rådmann har så langt mogeleg teke med prioriterte tiltak vedteke i økonomiplanen for 2015.

tal i 1 000 kr

Meland kommune budsjett 2015	Regnsk 2013	Rev. Budsj. 2014	Diverse endr. 2014	Oppgåve-korrigert Budsj. 2014	Framlegg budsjett 2015	Nye tiltak inkl. i framlegg	Endring 2014-2015 ekskl. nye tiltak	% endr. ekskl. nye tiltak	Endring 2014-2015 inkl. nye tiltak	% endring inkl. nye tiltak
<b>Netto finans = utgiftsrammer (ekskl. avsetn. til disp. fond):</b>	<b>359 006</b>	<b>393 500</b>	<b>-7 500</b>	<b>386 000</b>	<b>400 800</b>	<b>-335</b>	<b>15 135</b>	<b>3,9 %</b>	<b>14 800</b>	<b>3,8 %</b>
Lønsoppgjær - til fordeling		5 800	-5 800	0	1 095		1 095		1 095	
Politikk/Rådmanskantor	13 481	15 145	45	15 190	16 098		908	6,0 %	908	6,0 %
Økonomi	6 807	8 000	391	8 391	8 540	300	-151	-1,8 %	149	1,8 %
IKT	5 512	6 800	0	6 800	6 820		20	0,3 %	20	0,3 %
Interkomm. Brannvern	5 625	5 900	0	5 900	6 400		500	8,5 %	500	8,5 %
Rådgjevarsteneste ekskl. tilskot til priv. barnehagar	8 425	9 200	-330	8 870	9 182		312	3,5 %	312	3,5 %
Private barnehagar - oppd. berekning for 2014	53 559	72 302	17	72 319	69 291		-3 028	-4,2 %	-3 028	-4,2 %
PPT	1 837	1 880	40	1 920	1 987		67	3,5 %	67	3,5 %
Kommunal barnehagedrift inkl. spes.underv.	7 518	5 952	131	6 083	6 120		37	0,6 %	37	0,6 %
Vaksenopplæringa	1 567	1 661	-1 661	0			0		0	
Grasdals skule	9 373	9 500	216	9 716	10 764	344	704	7,2 %	1 048	10,8 %
Meland ungdomsskule (2015: Inkl. Vaksenoppl.)	15 687	15 900	1 959	17 859	18 108		249	1,4 %	249	1,4 %
Rossland skule	21 240	21 100	454	21 554	22 733	144	1 035	4,8 %	1 179	5,5 %
Sagstad skule	23 281	23 800	556	24 356	26 220	595	1 269	5,2 %	1 864	7,7 %
Vestbygd skule	13 330	13 200	311	13 511	14 115	98	506	3,7 %	604	4,5 %
Helse (frå 2015 ekskl. samh.ref.)	26 383	29 300	-7 574	21 726	23 980	1 192	1 062	4,9 %	2 254	10,4 %
NAV/Sosiale tenester	10 518	12 900	-1 371	11 529	11 801		272	2,4 %	272	2,4 %
Barnevern	9 683	8 900	125	9 025	9 296		271	3,0 %	271	3,0 %
Meland sjukeheim	28 963	32 540	972	33 512	36 611	1 554	1 545	4,6 %	3 099	9,2 %
Meland heimetenester	45 645	48 160	3 322	51 482	58 122	3 699	2 941	5,7 %	6 640	12,9 %
Kultur	5 996	6 700	60	6 760	7 730	400	570	8,4 %	970	14,3 %
Plan, utbygging og kommunalteknikk	23 496	26 960	637	27 597	28 087		490	1,8 %	490	1,8 %
<b>Sum rammer tenesteområda 2014</b>	<b>337 926</b>	<b>381 600</b>	<b>-7 500</b>	<b>374 100</b>	<b>393 100</b>	<b>8 326</b>	<b>10 674</b>	<b>2,9 %</b>	<b>19 000</b>	<b>5,1 %</b>
<b>Netto resultat / til disposisjon:</b>	<b>21 080</b>	<b>11 900</b>	<b>0</b>	<b>11 900</b>	<b>7 700</b>	<b>-8 661</b>	<b>4 461</b>		<b>-4 200</b>	

Sum rammer pr hovedområde:									
Private barnehagar:	53 559	72 302		72 319	69 291	0	-3 028		-3 028
Skule:	82 911	83 500		86 996	91 940	1 181	3 763		4 944
Pleie og omsorg:	74 608	80 700		84 994	94 733	5 253	4 486		9 739
Helse:	26 383	29 300		21 726	23 980	1 192	1 062		2 254
Plan, utbygging og kommunalteknikk	23 496	26 960		27 597	28 087	0	490		490
Andre:	76 969	88 838		80 468	85 069	700	3 901		4 601
<b>Sum sektorer:</b>	<b>337 926</b>	<b>381 600</b>		<b>374 100</b>	<b>393 100</b>	<b>8 326</b>	<b>10 674</b>		<b>19 000</b>

Kolonne market med gult er rådmannen sitt framlegg til budsjetttrammer for 2015, med overskrift "Framlegg budsj 2015». Framlegget er samanlikna med rekneskapen for 2013, og revidert budsjett 2014 med diverse justeringar. Desse er:

- Omfordeling av oppgåver mellom tenesteområda
- Fordeling lønsauke kr 5,8 lagt inn som felles post i budsjettet for 2014.
- Endring samhandlingsreforma ved eit uttrekk på kr 7,5 mill (2015-berekn.) på tenesteområde Helse og tilsvarande reduksjon i rammetilskotet.

Korrigert budsjett for 2014 vil såleis vere det beste grunnlaget for samanlikning av budsjettframlegget for 2015 med 2014-nivået.

I 2013 hadde kommunen kr 359 mill i netto finansposter inkl. skatt og rammetilskot, men ekskl. avsetning til disposisjonsfond og nedbetaling av tidlegare års underskot (tilsaman kr 21,1 mill). Sum utgifter i tenesteområda var kr 337,9 mill. Oppgåvekorrigert budsjett for 2014 har ei utgiftramme på kr 374,1 mill. Det er budsjettert avsetning til disposisjonsfond med kr 11,9 mill. Netto finanspostar (ekskl. berekna rammetilskot til samhandlingsreforma) er i 2014 budsjettert med kr 386 mill.

Framlegget til budsjettet for 2015 har netto finansposter inkl. skatt og rammetilskot på kr 400,8 mill, ei auke på kr 14,8 mill samanlikna med oppgåvekorrigert budsjett for 2014. Vi budsjetterer med ein vekst i utgiftene på kr 19 mill, slik at netto utgiftsramme for tenesteområda vert kr 393,1 mill. Netto resultat for 2015 er budsjettert som avsetning til disposisjonsfond med kr 7,7 mill.

I framlegget har vi inkludert nye tiltak med kr 8,66 mill. Inkludert desse tiltaka er netto finanspostar auka med kr 14,8 mill i forhold til oppgåvekorrigert budsjett for 2014, medan utgiftene er auka med kr 19 mill. Netto utgiftsauke på kr 4,2 mill kjem fram ved at avsetning til disposisjonsfond er redusert frå 11,9 mill i 2014 til kr 7,7 mill i 2015.

## 6. Kommentar til finanspostar:

Tabellen nedanfor viser netto finanspostar som og vert utgiftsramma i budsjettet.

Meland kommune budsjett 2015 Netto finansposter	Regnskap 2013	Rev. Budsj. 2014	Samh. reforma (2015- berekn.)	Oppgåve- korrigert Budsj. 2014	Framlegg budsjett 2015	Nye tiltak inkl. i framlegg	Endring 2014-2015 inkl. nye tiltak	% vekst inkl. nye tiltak
Skatt og rammetilskot	347 376	366 200	-7 500	358 700	388 800		30 100	8,4 %
% vekst i skatt og rammetilsk. pr år		5,4 %		3,3 %	8,4 %			
Eigedomsskatt	15 898	23 265		23 265	16 500		-6 765	-29,1 %
Utbyte Meland Utb.selsk. og BKK	6 086	13 000		13 000	3 000		-10 000	-76,9 %
Renteinntekter og rentekomp.midlar	2 082	3 750		3 750	3 790		40	1,1 %
Netto avskriv., renter og avdrag på lån	-12 436	-12 715		-12 715	-11 290	-335	1 425	-11,2 %
<b>Netto finans = utgiftsramme i budsjettet:</b>	<b>359 006</b>	<b>393 500</b>		<b>386 000</b>	<b>400 800</b>	<b>-335</b>	<b>14 800</b>	<b>3,8 %</b>
% endring		9,6 %		7,5 %	3,8 %			



## 6.1. Skatt og rammetilskot

KS sin prognosemodell vert nytta som grunnlagsdata for kommunen si budsjettering av rammetilskot og skatteinntekter. Rammetilskotet vert fastsett i statsbudsjettet, medan ein i prognosemodellen tek omsyn til forventa vekst i folketal fram til 1. januar 2015 for meir korrekte tal på skatteinntekter og skatteutjamning enn det som kjem fram i statsbudsjettet. Tabellane nedanfor syner utvikling i rammetilskot, skatt og inntektsutjamning for perioden 2012 – 2015. Sum skatt og rammetilskot for 2015 er budsjettert med kr 388,8 mill. , som er kr 22,6 mill høgare enn i 2014, ein vekst på 6,2%. Tek ein omsyn til at midlar til samhandlingsreforma er teke ut, kan ein seie at veksten er på 30,1 mill eller kr 8,4%.

<b>Rammetilskot</b> Tal i tusen kr.	<b>Reknesk.</b> <b>2012</b>	<b>Reknesk.</b> <b>2013</b>	<b>Revidert</b> <b>budsjett</b> <b>2014</b>	<b>Uttrekk</b> <b>samh.</b> <b>ref.</b>	<b>Oppgåve-</b> <b>korr. budsj</b> <b>2014</b>	<b>Framlegg</b> <b>budsjett</b> <b>2015</b>
Innbyggjartilskot	144 681	157 297	170 596	-7 500	163 096	171 931
Utgiftsutjamning	12 294	10 053	8 874		8 874	17 163
Korr. barn i statlege og private skular		-271	-1 564		-1 564	-3 885
Overgangsordn. (INGAR)	-481	-444	-460		-460	-486
Saker m/særskild fordeling	1 518		309		309	689
Veksttilskot	2 506	1 760	4 068		4 068	7 468
Skjønstilskot	4 000	3 900	4 200		4 200	3 900
Ekstra skjønstilskot		1 000				
Endr. i sald. budsj. 2014			-1 343		-1 343	
Diverse / Rev. nasj. budsj.	234	130	23		23	
<b>Sum rammetilskot</b>	<b>164 752</b>	<b>173 425</b>	<b>184 703</b>	<b>-7 500</b>	<b>177 203</b>	<b>196 780</b>
Auke i forhold til året før:	20 408	8 673	11 278			19 577
Auke i %:	14,1 %	5,3 %	6,5 %			11,0 %
Merk at auken frå 2014 til 2015 er rekna ut med basis i oppgåvekorrigert budsjett for 2014.						
Reelt er auken frå 2014-2015:			12 077	Reell auke i %:		6,5 %
Elevlar i private skular:		27	45			75
<b>Skatt og inntektsutjamning</b>						
Kommunale skatteinntekter	143 184	160 999	165 800		165 800	174 160
Løpande inntektsutjamning	16 057	12 952	15 697		15 697	17 860
<b>Sum</b>	<b>159 241</b>	<b>173 951</b>	<b>181 497</b>		<b>181 497</b>	<b>192 020</b>
Auke i forhold til året før:	12 941	14 710	7 546			10 523
Sum auke i %:	8,8 %	9,2 %	4,3 %			5,8 %
<b>Sum rammetilskot og skatt</b>						
Auke i forhold til året før:	33 349	23 383	18 824			30 100
Auke i %:	23,1 %	7,2 %	5,4 %			8,4 %
Reelt er auken frå 2014-2015:			22 600	Reell auke i %:		6,2 %

Den viktigaste årsaka til at kommunen får så stor vekst i inntektene er at utgiftutjamninga aukar med kr 8,3 mill frå 2014 til 2015. Denne er igjen basert på berekning av ein behovsindeks som for Meland kommune har auka frå 1,0255 i 2014 til 1,0481 i 2015, eller med 89%.

Gjennom utgiftsutjevninga vert innbyggjartilskotet omfordelt mellom kommunane ved hjelp av behovsindeksen. Midlar vert omfordelt frå kommunar med lågt berekna utgiftsbehov til kommunar med høgt beregnet utgiftsbehov. Omfordelinga skal gje kompensasjon for forskjellar i utgiftsbehov som kommunane ikkje kan påverke sjølv. Behovsindeksen seier noko om kor dyr ein kommune er å drive i forhold til landsgjennomsnittet. Den samla behovsindeksen er berekna ved hjelp av eit sett kriterier og



veker som seier noko om kvifor kommunen sin utgifter varierer. Indeksen vert brukt til å berekne kommunen sitt trekk eller tillegg i utgiftsutjevninga.

Det er difor å vente at auka inntekter frå utgiftsutjevninga skal ha sin årsak i auke i kommunen sine utgifter på eitt eller fleire område. Vi ser og at utgiftsbehovet aukar på ei rad område, mellom anna innan pleie og omsorg, der vi frå 2014 til 2015 mellom anna får ei stor auke i utgifter til ressurskrevjande tenester.

Vidare viser tabellen over at Meland i 2015 får eit trekk på kr 3,9 mill som følgje at vi har 75 elevar i statlege og private skular. Trekket aukar med kr 2,3 mill frå 2014. Andre vesentlege endringar er auka veksttilskot med kr 3,4 mill til 7,5 mill i 2015.

## 6.2. Andre finanspostar inkl. eigedomsskatt

Her er det store endringar i budsjettet for 2015 samanlikna med 2014.

- Inntektene frå eigedomsskatten vert redusert med kr 6,8 mill som følgje av at satsen for eigedomsskatt på bustadeigedommar vert redusert frå 5 ‰ til 3 ‰, slik det var tidlegare.
- Utbytteinntekter vert redusert med kr 10 mill. Vi fekk ekstraordinært utbytte frå Meland Utviklingsselskap i 2014 med kr 7 mill, som vi ikkje får i 2015. I tillegg er signala frå BKK at utbytte vert halvert i åra framover, og vi har justert ned våre budsjetterte inntekter til kr 3 mill.
- Elles ikkje vesentlege endringar.

## 6.3. Skatteøre eigedomsskatt

Det er lagt til grunn eit skatteøre på 7 ‰ på verk og bruk og 3 ‰ på bustad og hytter for 2015.

## 6.4. Renter og avdrag

Tabellen nedanfor syner oppstilling over renter og avdrag i budsjettet for 2015. For alle lån med flytande rente er det brukt gjeldande rentenivå.

Renter og avdrag innlån 2015:	Renter 2015	Avdrag 2015	Sum 2015		Restgjeld 01.01.15	Avdrag i %
Kommunalbanken	7 188 898	10 972 680	18 161 578		276 117 020	3,97 %
Husbanken	1 898 689	2 862 972	4 761 661		82 265 267	3,48 %
KLP	1 134 702	1 639 420	2 774 122		41 227 219	3,98 %
BKK	-	300 000	300 000		1 200 000	25,00 %
Nye lån 2014	359 138	650 480	1 009 618		16 262 000	4,00 %
<b>Sum pr 31.12.2014</b>	<b>10 581 427</b>	<b>16 425 552</b>	<b>27 006 979</b>		<b>417 071 506</b>	<b>3,94 %</b>
Nye lån 2015	120 000	215 000	335 000		71 435 000	
<b>SUM</b>	<b>10 701 427</b>	<b>16 640 552</b>	<b>27 341 979</b>		<b>488 506 506</b>	
Avdrag startlån ført i kapitalrekneskapen		2 323 295				
<b>SUM driftsrekneskapen</b>	<b>10 701 427</b>	<b>14 317 257</b>				
<b>Avrunda til</b>	<b>10 700 000</b>	<b>14 320 000</b>				

Krav til minsteavdrag er 3,5% av lån pr 1. januar i budsjettåret

For nye lån er det nytta 2,25 % rente. Sum avdrag på lån er 3,94 % av dei totale låna pr 1.1.2015, noko som er godt over minstekravet på 3,5 %. Sum lånegjeld ved utgangen av 2015 er budsjettert til 488,5 mill kr. Grunna god likviditet treng ein ikkje gjere opptak av nye lån før på hausten 2015, og ein får såleis ein låg kostnad i 2015 på finansieringa av nye investeringar i budsjettåret, med til saman kr 335.000,-.

#### **6.5. Reservert lønnsoppgjer**

Våren 2015 er det mellomoppgjer i kommunesektoren. Forventa lønstilllegg er difor budsjettert innanfor kvart tenesteområde. I budsjettet er det likevel lagt inn kr 1,1 mill som felles post fordi dei lokale tillegg for 2014 ikkje er fordelt og såleis ligg ikkje heile lønsgrunlaget for 2015 inne i budsjettet til kvart tenesteområde. Statsbudsjettet for 2015 har som føresetnad ei lønsauke i kommunesektoren på 3,3 %, og rådmannen legg det same til grunn i framlegget til budsjett for Meland kommune. Med eit tillegg på 3,3% frå 1. mai 2015 reknar vi med ein årseffekt på 2,1% som lønsauke i budsjettet for 2015 basert på lønsnivå hausten 2014.

#### **7. Driftsendringar i budsjettet for 2015**

I budsjettarbeidet for 2015 har vi prøvd å skilje kva som er nye tiltak frå budsjettering av fortsatt drift basert på driftsnivået i 2014. I tabellen over fordeling av rammer på tenesteområder i pkt. 4 over er det spesifisert nye tiltak for kr 8,7 mill i eigen kolonne. Nokre av desse er styrt av brukarbehov og kan vanskeleg veljast vekk. Dette gjeld særleg tiltaka innan pleie- og omsorg og i skulen, t.d. nye klassar når elevtalet aukar eller tilbod om tenester til personar med særleg hjelpebehov, ofte knytt til lovpålagte rettar. Dette vert difor ikkje nye tiltak i form av eit bevisst val om å satse på eit område, men ei driftsendring som må gjerast for å stette viktige brukarbehov.

Andre tiltak er faktisk prioritert ut frå ei generell behovsvurdering, og har meir form av å være nye tiltak som ein vel å satse på. I forhold til summen av dei spesifiserte driftsendringane på kr 8,7 mill er det berre ein liten del som er satsingar av denne type; nye tiltak i form av eit bevisst val om å satse på eit område.

Det ligg såleis ikkje inne nokon bevisst retning eller linje i budsjett-framlegget, men ei fortsatt stram linje med fokus på å løyse dei viktigaste utfordringane innan barnehage, skule og pleie- og omsorg, og gje tenestemottakarane eit fornuftig og akseptabelt tilbod.

Prioriterte tiltak i økonomiplanen for 2015-18 vedteke i juni 2014 er og prioritert i framlegget til budsjettet for 2015. Liste over desse tiltaka eller driftsendringane er spesifisert i tabellen på neste side.

Det som vi i tabellen på neste side definerer som nye tiltak er i stor grad auka kostnadar på område vi ikkje kan velje vekk, t.d. nye klassar når elevtalet aukar eller tilbod om tenester til personar med særleg hjelpebehov, ofte knytt til lovpålagte rettar.

**Oversikt over viktige driftsendringar i budsjettframlegget for 2015**

Tenesteomr.	Namn på endring/tiltak	Netto auke budsj. 2015	Beskriving av driftsendringa/tiltaket
Økonomi-kontor	Startlån - 50% still. Sakshands. og rettleiing	300 000	Økonomikontoret har ikkje ressursar til å fortsette med sakshandsaming av startlån og etableringstilskot, samt drive med rettleiing til startlånssøkjjarar. Særleg rådgjevsarbeidet er krevjande. Krava til å få startlån er vorte stengare etter forskriftsendring i 2014. Tiltaket inneber oppretting av 50% stilling til føremålet. Vurdere om stillinga skal liggje anna stad enn på økonomikontoret, t.d. hos NAV.
Netto finans	Renter og avdrag nye lån 2015	335 000	Driftsinvesteringar foreslått finansiert med kr 33,5 mill i nye lån i 2015. God likviditet gjør at vi kan utsette låneopptaket til høsten. Forutsetter renter og avdrag i ca. 2 mnd med 2,25% rente.
Grasdalen skule	Ny Assistent SFO 55% frå 01.08.2015	90 900	Auka elevtal gjer at det er behov for auke i bemanning
Grasdalen skule	Ny lærar 100% frå 01.08.2015	252 700	I økonomiplanen er det forventa auke med ein klasse på Grasdalen hausten 2015, og auke med kr 1 mill vart lagt inn som heilårseffekt i 2015. Treng ikkje så mykje. Ny lærar og ny SFO assistent lagt inn frå august 2015.
Rossland skule	Ny assistentstilling	144 000	80% assistentstilling frå 01.08.2015.
Sagstad skule	Nye stillinger fra 01.08.2015	595 500	Følgjande nye stillingar er foreslått i budsjett 2015 frå 1/8-2015: Assistentar skulen: 36,39% stilling, kr 49230,- og 60% stilling kr 135.290,- Lærar skulen: 100% stilling kr 205.710,- Assistentar SFO: 40% stilling kr 45.830,- og 13,84% stilling kr 18.720,-. Beløp sum kr 455.000,- er effekt i 2015. Årseffekt frå 2016 sum ca kr 1.100.000,-.
Vestbygd skule	Ny assistent 50% stilling i SFO	98 200	Auka elevtal gjer at det er behov for auke i bemanning
Meland Sjukeheim	Langtidsavdelinga 15 + 2 pasientar	1 200 400	Midlane gjev rom for å drifte 15 + 2 pasientrom. Budsjett 2014 har bemanning til drift ar 15 langtidspasientar. Det er pr tid 17 langtidspasientar. Tiltaket gjev rom for auke med 1,8 årsverk ressurs relatert til kveldsvakt alle dagar og dagvakt laurdag og søndag.
Meland Sjukeheim	Logoped vaksne 50 % stilling	353 400	Kommunen har pr tid ikkje logoped vaksne. Mulig tiltaket skal på anna tenesteområde.
Helse	Nytt driftstilskot fysioterapi 50%	200 000	Nytt driftstilskot fysioterapi 50% frå 01.01.15, i tråd med kommuneplan og politiske føringer.
Helse	Ny helsesøsterstilling	654 400	Naudsynt for lovpålagte oppgåver. I tråd med satsing i statsbudsjettet.
Helse	Nasjonalt nødnett	238 000	Felles tiltak med Lindås kommune, vår del kr 173.000. I tillegg kjem innkjøp av helse-radioer, kr 6000 pr stk + abonnement, tilrådd er 2 radioar til kvart legekort. Kommuneoverlegen vil anbefale å plassere ein radio i sone nord og ein i sør for å kople heimetenesa til den akuttmedisinske beredskapen. I alt 6 radioer + abonnement + noe opplæringsutgifter (kurs og ekstrahjelp).
Helse	Fysioterapi - tariffjustering	100 000	Tilskot auker med ca 100.000 kr neste år pga tariffendring i 2014. Tidl. 20% tilskot er ikkje lenger lovlig, må vere minst 50%.
Heimetenesta	Ny ressurskrevjande teneste flytting	719 900	Forbruk av ekstra ressursar tilsvarande ei heil stilling.
Heimetenesta	Overf. av tiltak dagtilbod frå NAV	1 528 500	Nytt tiltak i heimetenesta, tidlegare levert av MAKS.
Heimetenesta	Koordinator koordinerende eining	400 500	Ny stilling frå ca 1. april 2015. Heilårsverknad kr 590.000,- får effekt frå budsjettåret 2016. Kostnad i 2015, kr 400.000,- finansiert med overføring av ramme frå rådgjevartenesta etter at stilling der går ut.
Heimetenesta	Ressurskrevjande tiltak	1 050 000	Kostnadrekning av tiltaket er gjort i samarbeid med barnevernet. Tiltaket er vanskeleg å kostnadsrekne. Det var lagt inn i ikkje prioriterte tiltak i økonomiplanen med kr 700.000,-. Ny kostnadsberekning tilseier at vi skal kunne gje eit teneleg tilbod for kr 1.050.000,- pr år.
Kultur	Tilskot til drift idrettsanlegg	300 000	Auke i driftstilskot til idrett- og friluftsliv. Idrettslaga slit med vedlikehald av anlegg. Ved auke i tilskota kan dei heller ha fokus på aktivitetar noko som vil komme medlemmane til gode. Framlegg frå tenesteområdet er på kr 650.000,-. Rådmann prioriterer i denne omgang kr 300.000,-, og vil sjå på vidare auke i 2016.
Kultur	Oppgradering av biblioteket	100 000	Biblioteket er med i prosjektet Praksisfellesskap saman med Lindås bibliotek. I prosjektet skal ein tilby meir ope bibliotek, og det må kjøpast inn diverse utstyr og inventar. Prosjektet har fått midlar frå Hordaland fylkesbibliotek og Nasjonalbiblioteket, men treng meir kommunal finansiering sidan vi ikkje fekk full søknadssum. Det er avgjerande for gjennomføring av prosjektet at det vert løyvd midlar til dette.
	<b>Sum</b>	<b>8 661 400</b>	

## 8. Kommenterar frå administrative einingar

I dei etterfølgjande kapitla vil vi gje ein kommentar til status på drift og aktivitet til kvart tenesteområde, og til budsjettframlegget for 2015.

### 8.1. Politikk / rådmannskontor

Kontoret omfattar drift av adm. stab rådmann. Under dette området ligg også løn til tillitsvalde i samsvar med avtaleverket, politikarkostnadar inkl. møtegodtgjersle og løn til ordførar/varaordførar, samt kostnadar til revisjonen, Regionrådet og medlemskap i KS (både kontingent og OU-midlar).

I tillegg er ein del felles personal- og forsikringskostnadar lagt til området, og også fellesutgifter for heile organisasjonen som t.d. bedriftshelseteneste, interkommunal innkjøpsordning, juridisk bistand, pasientskadeerstatning m.v.

I 2014 ble felles dokumentsenter etablert, og ca. 2 årsverk vart overført frå andre tenesteområde. Kontoret har elles hatt ansvar for implementering av nytt elektronisk sak/arkiv-system, noko som har vore ressurskrevjande. Drifta slik ho er no vidareførast i budsjettet for 2015. Grunna lovendring når det gjeld medlemmer i røystestyra får ein her langt større utgifter enn ved tidlegare val. Andre postar med utgiftsauke i 2015 er t.d. revisjon, Regionrådet, personalforsikringar, annonsering og post/frankering. Total auke i høve revidert budsjett i 2014 er på kr 0,9 mill. eller 6%.

### 8.2. Økonomikontor

Her ligg kostnadar til økonomistaben, samt kostnadar til felles regionalt kemnerkontor og til Meland kommune sitt fellestråd. Til og med august 2014 var lønnsarbeidet sett ut til Lindås kommune, men dei valde å ikkje fortsette samarbeidet. Ny lønskonsulent vart difor tilsett frå august 2014. Auka aktivitet gjer at det er vanskeleg å gjere lønsarbeidet med berre ei stilling, og vi vil i 2015 endre oppgåvefordelinga noko på kontoret. I budsjettframlegget er kontoret tilført ei 50% stilling som sakshandsamar på startlån. Det er ikkje sikkert at stillinga vert plassert på økonomikontoret, men tilsettinga vi i alle fall frigjere noko ressursar til andre oppgåver.

Kyrkjekontoret skal flytte inn i leigde lokaler, og det medfører ei kostnadsauke på ca 300.000,- ut over normal pris- og lønsjustering. Andre innsparingar gjer at rammeauken for kontoret inkludert ny stillingsressurs likevel vert på berre 1,8%, noko lågare enn løns- og prisveksten skulle tilseie.

### 8.3. IKT

IKT budsjettet inneheld felles kommunale IKT og telefoni-kostnadar. I tillegg kjem kommunen sin del av felles IKT drift gjennom IKT-Nordhordland (IKTNH) og interkommunale IKT-strategi- og prosjektkostnadar.

Meland kommune har ikkje eigen stab på IKT-området. Økonomisjefen er IKT-kontakt for kommunen og deltek på noko møteverksemd på IKT-området, og er ansvarleg for oppfølging av IKT-budsjettet og den aktiviteten som skal skje på dette område. Elles er heile drifta sett ut til det interkommunale samarbeidet. Det er trong for ytterlegare ressursar i åra framover for å kunne oppretthalde ei tenleg og sikker IT-løysing.

Sum budsjettframlegg kr 6.8 mill, omtrent det same som i revidert budsjett for 2014.

Ein del lisenskostnader er overført til IKTNH til monaleg lågare kostnadar enn når vi hadde dei på eigne avtaler. Dette oppveg for kostnadsauke på driftsbudsjettet i IKT-samarbeidet, der Meland kommune sin andel er opp med kr 0,5 mill kr frå 2014 til kr 4,5 mill i 2015.

I 2013 og 2014 var ein del av kostnadane i IKTNH og i det interkommunale IKT-strategisamarbeidet prosjektrelaterte kostnadar som vart ført som investeringar. For 2015 er det mindre som kan aktiverast som investeringar, og dette framstår såleis som kostnadsake på drifta. I tillegg vil vår andel av kostnaden i samarbeidet auke som følgje av at vi har større folketalsvekst enn dei andre kommunane.

#### 8.4. Interkommunalt Brannvern

Består av Lindås og Meland interkommunale brann- og redningsteneste budsjettert med kr 5,7 mill i 2015 og Interkommunalt Brannførebyggjande tiltak budsjettert med kr 0,6 mill. Branntenesta er auka med kr 0,5 mill frå 2014, som er ein del meir enn ei rein framskrivning av ramma skulle tilseie. For 2014 (og tidlegare år) har tenesta budsjettert med sal av tenester og kurs for omkring kr 1 mill. Dette har vist seg å vere ei urealistisk målsetting, og når denne inntekstposten no vert teke ut, vert nettoramma auka monaleg. Tenesta får og ei betydeleg kostnadsauke som følgje av overgangen til nytt naudnett, men denne slår først og fremst inn frå 2016, med ei viss auke frå hausten 2015.

#### 8.5. Rådgjevarstaben ekskl. private barnehagar

Her ligg kostnadar til rådgjevarstaben innan helse, pleie- og omsorg, skulesektoren og kommuneplanleggjar. Utanom lønnskostnadar er den største kostnaden for rådgjevartenesta (totalt kr 4,2 mill) knytt til refusjon til skular for gjesteelevar og til andre kommunar for fosterbarn eigentleg heimebuande i Meland kommune. I tillegg er kostnaden på leige av kroppsøvingsareal hjå Meland Aktiv og Nordhordland Folkehøgskule på budsjettet til skulefagleg rådgjevar. Det er i budsjettet for 2015 overført midlar frå rådgjevartenesta til heimetenesta til ny stilling som koordinator på koordinerande eining etter at stilling som rådgjevar innan Ploms i samarbeid med Lindås kommune går ut.

#### 8.6. Private barnehagar

Tilskot til private barnehagar er ei av dei store utgiftspostane for Meland kommune. Dei private barehagane har i løpet av 2014 vore i ein omfattande dialog med kommunen kring det dei oppfattar som svært låge tilskotssatsar. Resultatet av dette vart at kommunen gjorde vedtak om løyving til eit ekstraordinært tilskot til barnehagane på kr 3,1 mill i 2014.

Endring i forskrift frå Utdanningsdirektoratet vedr. berekning av tilskot til ikkje-kommunale barnehagar er vedteke i 2014 med verknad frå 1. januar 2015.

Sammenligning statens satser og sats brukt i Meland kommune	Rekneskap 2013	Rev. budsj 2014	Budsjett 2015
<b>Heitidsplassar</b>			
<b>Meland kommune</b>			
Små barn:	148 585	168 448	157 633
Store barn:	70 178	80 846	74 452
Kapitaltilskudd:	4 100	4 886	9 500
Små barn inkl. kap.tilskot:	152 685	173 333	167 133
Store barn inkl. kap.tilskot:	74 278	85 732	83 952
<b>Statens satser ordinære barnehagar</b>			
Små barn:	181 000	191 300	197 200
Store barn:	88 000	93 300	95 700
Kapitaltilskudd:	7 500	9 100	9 500
Små barn inkl. kap.tilskot:	188 500	200 400	206 700
Store barn inkl. kap.tilskot:	95 500	102 400	105 200
<b>Avvik Meland kommune - Statens satsar</b>			
Små barn inkl. kap.tilskot:	-35 815	-27 067	-39 567
Store barn inkl. kap.tilskot:	-21 222	-16 668	-21 248
Små barn inkl. kap.tilskot - avvik i %:	-19 %	-14 %	-19 %
Store barn inkl. kap.tilskot - avvik i %:	-22 %	-16 %	-20 %

Endringa inneber at kommunen skal nytte rekneskapen for 2013 for dei kommunale barnehagane som grunnlag for å berekne tilskot til dei ikkje-kommunale barnehagane for 2015.

Tabellen på førre side syner tilskotssatsar pr born til dei private barnehagane samanlikna med statens satsar. Tabellen synar at satsane i Meland kommune for 2015 ligg om lag 20 % lågare enn staten sine satsar.

Tilskotet for 2015 vert berekna basert på talet på born i dei private barnehagane pr 15. desember 2014. Vi har innhenta tal frå dei private barnehagane som viser kor mange dei reknar med å ta inn, og så budsjettert tilskotet ut frå det. Det kan likevel skje endringar i barnetal fram til 15. des. som vil påverke sum tilskot.

Ut får tabellen med forskjell mellom tilskotssatsen i Meland kommune og statens satsar ovanfor og tal på born i dei private barnehagane i tabellen nedafor kan vi rekne ut kva det ville koste å gå over til statens satsar for Meland kommune:

Små born: Meirkostnad kr 39.567 x 226 born = kr 8,95 mill  
 Store born: Meirkostnad kr 21.248 x 318 born = kr 6,75 mill  
**Sum meirkostnad ved overgang til statens satsar: kr 15,7 mill**

Talet på born er ekskl. dei som går i familiebarnehagar, ingen meirkostnad på desse.

Dersom vi nyttar satsane i budsjettet for 2014 og indeksregulerer desse til nivå for 2015 (3%) vil vi og få ei betydeleg kostnadsauke i forhold til budsjettframlegget:

Små born: Meirkostnad kr 15.868 x 226 born = kr 3,6 mill  
 Store born: Meirkostnad kr 8.820 x 318 born = kr 2,8 mill  
**Sum meirkostnad ved bruk av 2014-satsar (+3%): kr 6,4 mill**

Rådmannen finn ikkje rom for kostnadsauke til dei private barnehagane på det nivå vi her snakkar om sett opp mot dei behov som andre tenestemråde har.

Utvikling barn i barnehagane og kostnader til private barnehager 2013 - 2015:	Rekneskap 2013	Rev. budsj 2014	Budsjett 2015	Sum omregna heildagsplasser i private barnehagar	Rekneskap 2013	Rev. budsj 2014	Budsjett 2015
<b>Satsar pr barn Ordinære barnehager:</b>				<b>små barn:</b>	164	225	229
Små barn:	148 585	168 448	157 633	<b>store barn:</b>	314	323	328
Store barn:	70 178	80 846	74 452	<b>Sum:</b>	<b>478</b>	<b>547</b>	<b>558</b>
Kapitaltilskudd:	4 100	4 886	9 500	Auke i året:	69	10	20
<b>Satsar pr barn Familiebarnehager (statens satsar):</b>				<b>Tilskot til Private barnehagar:</b>			
Små barn:	142 700	148 200	152 650	Tilskot barneh. med drift heile året:	40 355	65 110	65 028
Store barn:	109 000	113 200	116 600	Nye avdelinger / avvikling i året	6 135	1 372	1 393
Kapitaltilskudd:	11 600	12 000	12 360	<b>Sum tilskot:</b>	<b>46 490</b>	<b>66 482</b>	<b>66 420</b>
<b>Utvikling barnetal i barnehagane i Meland kommune</b>				Ekstraordinært tilskot:		3 100	
Barn i komm. barneh. 1. jan	71	36	30	Andre kostn tenestemr. private barneh.	5 802	1 220	1 371
Endring kommunale i året	-35	-6	-	Støttemidler barnehage	1 267	1 500	1 500
<b>Barn i komm. barneh. 31. des</b>	<b>36</b>	<b>30</b>	<b>30</b>	<b>Sum tenestemr. private barneh:</b>	<b>53 559</b>	<b>72 302</b>	<b>69 291</b>
Barn i private barneh. 1. jan	458	562	568				
Nye avdelinger i løpet av året	124	19	20				
Andre endringar og avvikling	-20	-13					
<b>Barn i private barneh. 31. des</b>	<b>562</b>	<b>568</b>	<b>588</b>				
<b>Sum barn i Barnehagane i Meland 01.01:</b>	<b>529</b>	<b>598</b>	<b>598</b>				
<b>Sum barn i Barnehagane i Meland 31.12:</b>	<b>598</b>	<b>598</b>	<b>618</b>				
Auke i året:	69	-	20				

Tabellen over syner ein kostnad til tilskot til private barnehagar på kr 66,4 mill i 2015, som er omtrent tilsvarande budsjettert tilskot for 2014 (ekskl. det ekstraordinære tilskotet).

Totalt er det budsjettert med 568 born i private barnehagar frå 1. jan 2015 og ei auke på 20 frå hausten, sum 588 born pr 31.12.2015. I den kommunale barnehagen budsjetterer vi i 2015 med 30 born som i 2014.

## 8.7. Kommunal Barnehagedrift

I 2014 vart det gjort ei omorganisering av tenesteområdet læring og utvikling. Støttemidlar barnehage er overført til barnehagekonsulenten i rådgjevarstaben, PPT er skilt ut som eiga stab, og vaksenopplæringa vert plassert under Meland Ungdomsskule. Det som er att av tenesteområdet er då den gjenverande kommunale barnehagen, Marihøna, og spesialundervisning barnehage.

### Marihøna Barnhage

Budsjettforslaget legger til grunn at vi opprettheld dagens bemanning. Maksimalt barnetall vil da være 30, med en barnefordeling som i dag. 9 barn under 3 år (Gul avd.) og 21 barn over 3 år (Rød Avd.)

Kjøkkenet er planlagt oppgradert i 2015, og vert teken som del av PUK sitt budsjett for vedlikehald av kommunale bygg, og dermed ikkje på barnehagen sitt eige budsjett.

### Spesialundervisning barnehagar:

Ingen vesentlege endringar i budsjettet og drifta fortsett som i 2014. Spesialpedagogane treng oppgradering av PC-ane, som støtter aktuelle og nyare pedagogiske undervisningsmateriale. Det er også stort behov for nettbrett til bruk i pedagogisk arbeid.

## 9. Skulesektoren generelt

Budsjetttrammene for skulane er i 2015 relativt stramme. I utgangspunktet fortsett skulane med driftsnivået frå 2014, med tillegg for forventa kostnader til nye klassar frå hausten 2015. Lærarane hadde eit godt sentralt lønsoppgjær i 2014. Lønssauken på skulane er difor større enn det som var rekna med som gjennomsnitt i kommunen, og vil gjer at skulane får noko høgare prosentvis auke i lønnskostnader frå 2014 til 2015 enn dei øvrige tenesteområda.

Tabellen nedanfor summerer opp budsjettframlegget for 2015 og viktige nøkkeltal for skulen i budsjettåret.

Skule	Elevar 14/15	Nye elevar 15/16	Gj.snitt elevar 2015	Klassar 14/15	Nye klass. 15/16	Gj.sn. klassar 2015	Snitt klasse storleik	Budsjett 2015	Kostn. pr klasse	Kostn. pr elev	Årsverk	Kostn pr årsverk	Årsverk pr klasse	Årsverk pr elev
Grasdal	116	14	121,6	9	1	9,4	12,9	10 045	1 069	82,6	15,00	670	1,60	0,123
Sagstad	359	19	366,6	17	1	17,4	21,1	25 298	1 454	69,0	39,90	634	2,29	0,109
Vestbygd	180	20	188,0	13	1	13,4	14,0	14 046	1 048	74,7	20,00	702	1,49	0,106
Rosslund	237	-9	233,4	13		13,0	18,0	21 297	1 638	91,2	32,80	649	2,52	0,141
MUS	155	-4	153,4	6		6,0	25,6	16 101	2 684	105,0	23,75	678	3,96	0,155
<b>Sum</b>	<b>1 047</b>	<b>40</b>	<b>1 063,0</b>	<b>58</b>	<b>3</b>	<b>59,2</b>	<b>18,0</b>	<b>86 787</b>	<b>1 466</b>	<b>81,6</b>	<b>131,45</b>	<b>660</b>	<b>2,22</b>	<b>0,124</b>

Budsjett-tal er netto kostnader ekskl. skuss, SFO og drift av skulebygningane, og viser såleis berre kostnader til drift av sjølve skulen. Lønnskostnadane er eksl. SFO, men inkl. administrasjon og assistentressursar i skulen. Kostnader til drift og vedlikehald av skulebygningane ligg på PUK, og er ikkje med i oppsettet.



SFO skal i utgangspunktet vere sjølvfinansierande med brukarbetaling, men vi får ikkje dette heilt i til å gå i balanse, særleg der det er trong for ekstra ressursar til oppfølging av einskildelevar. Nye klassar, auke i elevtal og kostnader gjeldande frå haustsemesteret vert inkludert i budsjettet med 40% det året dei kjem til.

I tabellen på førre side ser vi at drift av ungdomsskulane er dyrare enn drift av barneskulane. Dette gjeld både kostnad pr klasse og kostnad pr elev. Det er ei rekke forhold som gjer dette, som auka krav til rådgjeving, sosiallærer, redusert undervisningstid etc. Vi vil analysere vidare om denne forskjellen skal vere så stor som han framstår i tabellen over, og om det er trong for å justere driftsnivået mellom skulane. Vi har ikkje skilt kostnadane mellom barnetrinnet og ungdomstrinnet på Rosslund skule, og det må og gjerast for å gjennomføre ei slik analyse.

Totalt er det i skuleåret 2014/2015 1047 elevar i den offentlege skulen i Meland kommune. Skulane har til saman 58 klassar dette skuleåret. Vi ventar 40 nye elevar i skulen frå og med hausten 2015, noko som vi reknar med vil krevje 3 nye klassar. Kostnader til å drifte desse er lagt inn i budsjettet på dei respektive skulane.

Klassestørrelsen i skuleåret 14/15 er i gjennomsnitt på 18,0 elev pr klasse. Grasdal og Vestbygd har dei minste klassane med henholdsvis eit snitt på 12,9 og 14 elevar. Totalt budsjetterer kommunen med kr 86,8 mill på elevretta skuledrift i 2015. Kostnad pr elev i budsjettåret er i gjennomsnitt kr 81.600,-. Sagstad skule driv billigast pr elev med kr 69.000,-, medan Grasdal og Vestbygd kjem deretter. Meland Ungdomsskule har dei høgaste kostnader pr klasse og pr elev.

Vi ser og at kostnader pr elev varierer mindre mellom skulane enn kostnader pr klasse gjer. Dette kan indikere at skulane i stor grad klarer å tilpasse driftsnivået sjølv om skulen i utgangspunktet har mange små klassar. I andre kommunar har vi sett større skilje i driftskostnader mellom store og små skular.

I økonomiplanen presenterte vi oversyn over elevar i skulen og born i førskulealder. Denne er oppdatert i samband med budsjettarbeidet, og er grunnlag for de planar kommunen har for vidare utvikling og utbygging av skulen. Sjå nedanfor for oppdaterte tabellar.

Born og elevar i skulen pr høsten 2014	Born i førskulealder:					Elevar pr klassetrinn 14/15:									
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Born fødd pr år:	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002	2001	2000	1999
Grasdal skule	24	29	34	26	27	29	9	25	16	12	12	13			
Sagstad skule	62	78	54	58	60	67	64	50	46	43	48	41			
Meland Ung.skule	86	107	88	84	87	96	73	75	62	55	60	54	45	52	58
Vestbygd skule	31	20	27	15	36	24	30	31	29	26	24	16			
Rosslund skule	11	11	13	20	13	14	17	18	16	20	17	23			
Rossl. ungd.skule	42	31	40	35	49	38	47	49	45	46	41	39	29	45	38
<b>TOTAL</b>	<b>128</b>	<b>138</b>	<b>128</b>	<b>119</b>	<b>136</b>	<b>134</b>	<b>120</b>	<b>124</b>	<b>107</b>	<b>101</b>	<b>101</b>	<b>93</b>	<b>74</b>	<b>97</b>	<b>96</b>
						Elevtal 1-7 klasse :				<b>780</b>	Elevtal 8-10 klasse:			<b>267</b>	
<b>Skuleåret 2014/15:</b>												Elevtal totalt:			<b>1 047</b>



Sum elevar pr skuleår:	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20						
Born fødd pr år:	Elevtal 2014-15	Elevtal 2015-16	Elevtal 2016-17	Elevtal 2017-18	Elevtal 2018-19	Elevtal 2019/20	Endr. 15-16	Endr. 16-17	Endr. 17-18	Endr. 18-19	Endr. 19-20	
Grasdal skule	116	130	144	166	179	178	14	14	22	13	-1	
Sagstad skule	359	378	388	399	431	443	19	10	11	32	12	
Meland Ung.skule	155	151	159	169	177	192	-4	8	10	8	15	
Vestbygd skule	180	200	191	192	183	183	20	-9	1	-9	-	
Rosslund 1. - 7 klasse	125	115	118	111	106	99	-10	3	-7	-5	-7	
Rosslund 8. - 10.	112	113	109	126	132	140	1	-4	17	6	8	
Sum Rosslund skule	237	228	227	237	238	239						
<b>Totalt i den off. skulen i Meland</b>	<b>1 047</b>	<b>1 087</b>	<b>1 109</b>	<b>1 163</b>	<b>1 208</b>	<b>1 235</b>	<b>40</b>	<b>22</b>	<b>54</b>	<b>45</b>	<b>27</b>	
<b>Skuleåret 2013/14:</b>												
<b>Elever i private skoler:</b>												
Danielsen	59	61	63	65	67	69						
NKGS	26	27	28	29	30	31						
Andre	2	2	2	2	2	2						
<b>Elevar frå Meland i private skular</b>	<b>87</b>	<b>90</b>	<b>93</b>	<b>96</b>	<b>99</b>	<b>102</b>						
	Antar liten vekst vidare (pr. år 2014-2019):						3 %					
<b>Sum skuleborn pr skuleår:</b>	<b>1 134</b>	<b>1 177</b>	<b>1 202</b>	<b>1 259</b>	<b>1 307</b>	<b>1 337</b>						

Sum skuleborn pr skuleår framover er litt høgare enn tal på born i alder 6-15 år i folketalsprognosen. Vi har ikkje sjekka kvifor vi får dette avviket, men meiner det ikkje er vesentleg. Vi er trekt for 75 born i private skular i det statlege rammetilskottet, medan vi i tabellen over rapporterer 87 born i dei private skulane. Dette skuldast at grunnlaget for trekket i statsbudsjettet er basert på fjorårets barnetal.

### 9.1. Grasdal skule

Forventa elevtalsutvikling frå 2014-2018 viser at elevtalet på skulen er raskt aukande. Det er 116 elevar ved skulen i 14/15. Talet på nye 1.klassingar hausten 2015 er venta å bli 27 elevar. Det er 13 7.klassingar som går ut, så elevtalet er venta å bli 130 elevar. I tillegg ser vi kvart år ei tilflytting av elevar til dei andre klassestega. Slik utviklinga har vore dei siste åra, er det sannsynleg at vi kan forvente ei deling i målform i den nye 1. klassen, med ei bokmålgruppe og ei nynorskgruppe. Vi har difor budsjettert med ein ny klasse ved Grasdal skule i skuleåret 2015/16.

Det er ekstra kostnader kvart år til bøker i både bokmål og nynorsk når vi har stor auke i elevtal som går oppover i årssteg. Det er difor budsjettert med auke i læremidlar. Det er fleire elevar som er tilmeldt PPT som vil få vedtak om timar i løpet av 2015. Dette må vi også ha rom for i budsjettet i lønsmidlar. Vi skal etter nasjonale føringar ha fokus på tidleg innsats og forsterka opplæring i lesing og rekning i 1.-4.klasse. Det er lite rom for slike tiltak i budsjettet.

Vi får store utfordringar med å organisere undervisning i dei klasseromma vi har i skuleåret 2015/16. Det er svært nødvendig med ei løysing for meir areal. Skysstgifter er venta å bli noko høgare enn nivået i 2014,

grunna auke i elevtal, og vedtak om farleg skuleveg. Det er ikkje rom for auka skyssutgifter til ekstra symjeopplæring i budsjettframlegget.

SFO ved Grasdal skule merkar auken i elevtal med store grupper av 1.klassingar kvart år. SFO har også store utfordringar i å ha forsvarleg tilbod til elevar med særskilde behov. Vi har difor frå hausten 2015 budsjettert med 18 nye påmeldte elevar på SFO, og auke i bemanning med 55% stilling.

## **9.2. Meland Ungdomsskule**

Det er rekna med at det også for skuleåret 2015-2016 vert 2 store klassar på kvart klassesteg ved skulen. Vi tek då med i berekninga at det alltid er nokre frå Sagstad og Grasdal som byrjar på private ungdomsskular. Frå 2018/19 må ein rekna med at det vert tre parallellar uansett (jfr økonomiplan 2015-18 og investeringsoversynet i kap. 13.1).

Det vert satsa på høg fagkompetanse blant undervisningspersonalet ved ungdomsskulen. Kompetanse kostar, og det betyr at det er høge lønskostnader ved skulen. Vi meiner likevel det er ei god investering for ungdommane våre si framtid. Nye læreplanar i fleire fag gjer det også naudsynt med utskifting av lærebøker. Dette tar vi litt om litt, men vi ser jo tydeleg at bøkene som vart kjøpt inn ved innføring av Kunnskapsløftet 2006, byrjar å bli nedslitne. Så i åra framover vert det naudsynt med eit nytt «kunnskapsløft».

Vi har ei utfordring med å gi særskild norskopplæring til elevar som kjem frå andre land/språkområde. Fleire av desse kjem kanskje midt i skuleåret (arbeidsinnvandring), og alle har krav på å få særskild opplæring i norsk. For dei som kjem som flyktningar, kan vi finansiere slike tiltak via flyktningemidlane, men alle andre tiltak må vi ta av den tilgjengelege budsjetttramma.

Vi er også for neste skuleår avhengig av leigeavtale med Nordhordland folkehøgskule og Meland Aktiv for at elevane ved ungdomsskulen kan få den lovfesta undervisninga i kroppsøving (med symjing), og for å ha ein stad å vera når vi skal samla alle elevane.

## **9.3. Rossland skule**

Rosslund skule reknar med eit stabilt elevtal framover. Sjølv om tal elevar har gått noko ned dei siste åra har vi framleis ein klasse på kvart av barnetrinna, og to parallellar på ungdomstrinnet. Det er dei siste åra komme fleire oppgåver, spesielt knytt til ungdomstrinnet, utan at det totale timetalet på skulen har auka tilsvarande. I tillegg har det vore ei auke i bruk av ressursar til elevar med særskilte behov. Den totale drifta på skulen er stram, og justeringa av drifta som har vore dei siste åra merkast.

I 2015 vil det vera ei auka trong for assistent i skulen og SFO, og auke i assistent er lagt inn som eit nytt tiltak frå hausten 2015. SFO er noko styrka i 2014 på grunn av elevar med særskilte behov. Dette vert vidareført i 2015.

#### **9.4. Sagstad skule**

Forventa elevtalsutvikling frå 2014-2018 viser at elevtalet på skulen er aukande. I dag er det 360 elevar på skulen. Dette er forventa å auke til 378 skuleåret 2015-2016. Talet på nye 1. klassingar hausten 2015 er forventa å bli 60. Skulen har då budsjettert med 3 nye 1. klassar neste skuleår. Det gjev ei auke på ein klasse ved skulen. Dette er noko usikkert, og vil avhenge av kor mange elevar som vel bokmål.

Skulen har sidan budsjettet for 2014 vart utarbeidd fått auka ressursbehov som er større enn rekna med, slik at driftssituasjonen no er trongare enn i eit allereie stramt budsjett. Dette kjem mellom anna av tilflytting av elevar med vedtak om spesialundervisning og fleire av dagens elevar som får sakkunnig vurdering med tilråding av timar. Vi veit og at det er fleire elevar som er tilmeldt PPT som vil få vedtak om timar. Skulen har derfor behov for auka ressurs til spesialundervisning neste skuleår og auka assistentressurs. Dette ligg inne i budsjettframlegget.

Skulen fekk våren 2013 flyktningar som det har vore sett inn særskilte tiltak for. Skulen har budsjettert med at dagens tilbod må vidareførast ut våren 2015. Skulen får midlar frå flyktningebudsjettet (via interne overføringar) for å dekke opp for midlar til ekstra norskopplæring, morsmålsopplæring som støtte til språklæring, samt morsmålsassistent.

Skyssutgifter forventast å vere på same nivå som i 2014.

SFO på Sagstad skule er dei som har merka nedtrekket i 2013 mest. Eit auka elevtal kombinert med fleire elevar med særskilde behov som gjer at skulen har vanskar med å drive forsvarleg. Vi anslår at elevtalet på SFO vil auke med 20 elevar til neste skuleår. Det er derfor lagt opp til auke i bemanninga på SFO for budsjettåret 2015.

#### **9.5. Vestbygd skule**

Vestbygd skule har i skuleåret 2014/2015 180 elevar fordelt på 13 klassar. Skulen vil få ein elevauke på 20 elevar skuleåret 2015/2016. Prognosane seier 36 1.klassingar hausten 2015, medan det går ut 16 elevar våren 2015. Elevtalet ved Vestbygd skule hausten 2015 vil då vere rundt 200.

Det er språkdeling på alle trinn; noko som set grenser for i kor stor grad grupper kan slåast saman. Språkdelinga er ressurskrevjande. Vi har også etter kvart fått store kull på trinna oppover pga. tilflytting. Noverande 3.trinn har t.d. auka til 31 elevar. Det betyr at trinnet må delast så godt som fullt ut i alle timar. 2.trinn har 30 elevar og 4.trinn har blitt 29.

Vi har og store behov innanfor spesialundervisning og det kan vere vanskeleg å stipulere dette nøyaktig i og med at elevar framleis er til utgreiing/vurdering. Auke i elevtalet hausten vil og få konsekvensar for SFO og vi har difor gjort framlegg om tilsetjing av assistent i 50% frå og med 01.08.15.

Skulen har flyktningar som har hatt morsmålsassistent for oppfølging i startfasen. Dette får vi dekke av flyktningemidlar. Elles har vi tatt av eiga ramme til særskilt norskopplæring. Auke i elevtal og heilårsskyss for elevar som har fått vedtak om farleg skuleveg, vil føra til noko auke i skyssutgifter.

## 10. Helse, NAV, Barnevern, Sjukeheimen og Heimetenest

### 10.1. Helse

Ordninga med kommunalt medfinansieringsansvar (20 prosent av utgiftene i sjukehus) blir avvikla i 2015, og trekt ut av rammeoverføringa til kommunane i 2015. For Meland kommune er dette trekket berekna til kr 7,5 mill. Budsjetttramma for tenestoområde helse for 2015 er difor redusert tilsvarande med kr 7,5 mill frå 2014 til 2015.

Budsjettet elles skal dekke utgifter til legeteneste, ergo- /fysioterapiteneste, helsestasjon og psykisk helse og rusvern. Utgiftene til den interkommunale legevakttenesta aukar, både pga. at Meland veks meir i folketal enn samarbeidskommunane, samt utgifter knytt til nytt nasjonalt naudnett for beredskapsstatane. Utgiftene til fastlegeordninga aukar noko grunna folkevekst og utjamning av tilskott til private legar utanfor kommunen.

Legetenesta ved Meland sjukeheim og ved Frekhaug helsestasjon vart i 2013 noko styrka med om lag 20% offentleg legestilling, fordelt på ½ dag pr veke på sjukeheimen, og ½ dag for lege på helsestasjonen (med tilbod om legekonsultasjon m.a. ved førskulekontroll). Dette vart i 2014 tatt vekk av budsjettomsyn. Fagavdelinga har foreslått å ta desse tenestene inn att i 2015. Rådmannen finn ikkje rom for dette, og det vert ikkje lagt opp til auke i offentleg legearbeid.

Fysioterapidekninga i Meland er om lag 2 årsverk mindre enn det som gjeld for landet elles. I budsjettet ligg finansiering for ny 50% kommunal driftsheimel. Ein finn i denne omgang ikkje rom for å styrke fysioterapitenesta for rehabiliteringspasientar ved Meland sjukeheim.

Helsestasjonstenesta har vore redusert i 2014, ved at ledig stilling er halde vakant av innsparingsomsyn. Grunna stigande barnetal er derfor tilbodet for førskulebarn redusert, og lovpålagd teneste ikkje dekkja. Ein tek i 2015 sikte på å rette opp dette ved å bemanne ledig heimel, samt etablere ny helsesøsterheimel i samsvar med føringane i statsbudsjettet.

Avdeling for psykisk helse og rusvern har 7,2 stillingar og vert ikkje styrka i budsjettet. Det vert likevel oppbemanning med 1 stilling i rusvernet (engasjement) i heile 2015 finansiert med prosjektmidlar frå Fylkesmannen. Kommunalt kjøp av private plassar i rusvernet vart avvikla i 2013, og vil vere ei permanent innsparing.

### 10.2. NAV / Sosiale tenester

Tenestoområdet si budsjetttramme vert redusert med kr 1,1 mill frå nivå i 2014 på kr 12,9 mill til kr 11,8 mill. Reduksjon i kjøp av tiltaksplassar på Meland Arbeidssenter er årsaka til denne nedgangen. Tiltak er planlagt overført til heimetenesta, som får auke i ramma til dette.

Dei største budsjettpostane er tilskotet til Meland Arbeidssenter med i underkant av kr 4 mill og økonomisk sosialhjelp med kr 4,8 mill. Sosialhjelp er budsjettert med same kr-beløp som i 2014, og inneber i praksis ei

innstramming med ca kr 150.000,-. Vi ser ei løpande auke i saker som kontoret får til handsamling, men med innstramming av praksis reknar vi med å kunne halde budsjettet.

### **10.3. Flykningar / innvandrarak**

Alle tiltak og tilskot til flykningar/innvandrarak er ført på eige ansvarsområde. For 2015 er det budsjettert med at tilskotet overstig kostnadane med kr 2,7 mill, og overskotet vert sett av til fond for å utjamne forventa kostnadar seinare år. Det kan og kome uføresette kostnader i 2015 avhengig av kven (alder, traumar, helsetilstand ol) som faktisk vert busett.

### **10.4. Barnevern**

Barnevernstenesta er oppdelt i generell drift og lønnskostnader til medarbeidarane med kr 3,55 mill, kr 1,0 mill til barnevernstiltak i heimen (i familien) og kr 4,7 mill til tiltak utanfor familie. Kommunen får også i 2015 statlege tilskot til 2 heile stillingar i barnevernet. Av midlane til tiltak utanfor familie er det budsjettert med kr 0,9 mill i godtgjersle til fosterheimar, og kr 2,5 til kjøp av tiltaksplassar.

Det er eit press mot tenesta og stadig forventning om auke i tenestenivå. Kommunal eigendel ved plassering i statlege/private tiltak har auka frå 20% til 45% i 2014. Den kommunale eigendelen skal aukast til 75/80% i løpet av dei næraste åra. Berekna meirutgift i 2015 er kr 0,8 mill.

### **10.5. Meland sjukeheim**

Meland sjukeheim har med budsjettframlegg personellkapasitet til drift av 12 pasientrom ved demensavdeling Lerketunet, 17 pasientrom langtid samt 7 pasientrom korttid- og rehabilitering.

Øvrige 7 pasientrom langtid og 4 pasientrom korttid/rehabilitering står pt ledige. Nokre av ledige pasientrom langtid vil i påvente av finansiering jfr. økonomiplan verte nytta midlertidig til m.a. koordinering og forvaltning av tenesteyting.

Pr. 1. nov 2014 er det stor pågang av søknader både på korttidsplass, vekselplass og langtidsplass. Det har vore vanskeleg å oppretta stor nok omskifte av pasientar på korttidsavdelinga, og vi har i praksis difor ikkje den kapasiteten på korttidsplassar som vi skal ha. Av denne grunn er det trong for å auka kapasiteten på korttid/rehabilitering med 2 nye pasientrom frå 2015, men dette har rådmann ikkje kunnet prioritere. Framlegget er difor lista opp i ikkje prioritert framlegg under. Det vert pr dags dato vurdert å ta i bruk 1 av dei ledige pasientromma på langtidsavdelinga, men dette vert då som overbelegg.

Meland sjukeheim vil gje forsvarleg helsehjelp/omsorg innan gjevne rammer, men det er truleg at noverande kapasitet institusjonsplassar vil få verknad for tenesteyting i heimetenesta. Dette gjeld per tid særskilt for korttid- og rehabilitering. Den seinare tid har ein fått fleire pasientar med søknad om/trong for fast rullering (vekselseng). Dette har stor betydning for pårørande.

I budsjettframlegget er det prioritert 0,5 årsverk Logoped vaksne. Dette er eit naudsynt tiltak for aktuell målgruppe, og er per tid lokalisert ved korttid/rehabilitering. Ein vil kome tilbake til endeleg organisering/ansvarsplassering av ressurs.

Følgjande tiltak er ikkje prioritert i rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2015:

- Tenesteområde har meldt inn trong for å auke kapasitet på korttid/rehabilitering med 2 nye pasientrom frå 2015. Tiltaket er kostnadsrekna til kr. 1.963.000,-.
- For å få betre effekt av opphald ved korttid/rehabilitering er det vurdert trong for å auke kapasitet fysioterapi relatert til institusjon med nye 0,5 årsverk. Institusjon har per tid 0,3 årsverk fysioterapi. Tiltaket er kostnadsrekna til kr. 314.000,- med mogleg tilsetning frå 04/15.
- Dagsenter har framleis noko kapasitet for heimebuande. Imidlertid er det trong for å styrkje dagaktivitetstilbodet særskilt for personar med begynnande demenssjukdom (tidleg fase). Kostnadsrekna (kjøp av tenester) til kr. 300.000,- for 2015.

## 10.6. Heimetenesta

I budsjettframlegg er det prioritert auka midlar til ulike ressurskrevjande tenester for barn og unge vaksne. I tillegg er det prioritert stillingsressurs koordinator med omsyn til forvaltning/sakshandsaming. Det er trong for kapasitetsauke innan forvaltning/vedtaksvurdering med omsyn til BEON prinsipp - rett tenesteyting til rett tid og med rett nivå.

Heimetenesta nyttar per tid om lag 60 % av samla budsjetttramme til tenesteyting barn og unge vaksne med særskilte behov/funksjonsnedsetting. Dette er ei målgruppe som har særskilte individuelle helseutfordringar og krav til forsvarleg helsehjelp både på kort og lengre sikt. Det er og ei målgruppe der pårørande sin omsorgssituasjon er viktig til dømes via avlastningstiltak. Det er ein føremon at kommune kan etablere tenlege tiltak tidleg i livsløpet for om mogleg å motverke meir kostnadskrevjande tiltak seinare.

Det er utfordrande for Heimetenesta å utforme sikre prognosar for drift då ein til ei kvar tid må handtere individuelle omsorgsbehov frå både noverande og nye innbyggjarar. Når det gjeld kjende brukarar er det per tid mindre enn 10 personar som har trong for særressurskrevjande tenester med refusjonsrett frå staten. Kommunen vurderer her enten å drifte tenesteytinga sjølv eller å kjøpe tenester til enkeltbrukarar. For eit av desse kostnadskrevjande tiltaka vert det frå 2015 endra praksis frå kjøp av teneste til eigen kommunal tenesteyting.

Budsjettet gir ikkje nokon driftsauke i forhold til tenester til eldre. Sjukeheimen har grunna redusert drift ikkje kapasitet til å gi plass til alle aktuelle søkjarar. Personar som søker om sjukeheimplass og ikkje får plass må få forsvarleg bistand i eigen heim, og det er svært utfordrande for heimetenesta å handtere dette auka tenestebehovet utan auke i kapasitet. Det vil likevel ha konsekvens for korleis ein må drive heimetenesta både på kort og lengre sikt.

## 11. Kultur

### **Generelt:**

Kulturavdelinga har nær kontakt med lag og organisasjonar, desse treng hjelp til søknader og dei søker om kulturmidlar. Budsjettposten til dette har gjennom ei årrekke vore svært låg og dette gjer at lag og organisasjonar i liten grad kan rekne med støtte til si verksemd frå kommunen. Idrettslag og lag som arbeider med barn og unge er særleg sårbare. Dette gjeld både arbeidet og arenaene dei arbeider ut i frå.

### **Idrett og friluftsliv**

Tilskot til lag og organisasjonar auka med kr 300.000,- for å styrke kommunen sin innsats i vedlikehald av idrettsanlegg. Elles ingen endring frå 2014 på dette området.

### **Kulturskulen:**

Dei frivilljuge laga ønskjer å kjøpe dirigenttimar gjennom kulturskulen i mykje større grad enn i dag, det er store fordelar både økonomisk og organisatorisk for laga. I dag er dette skeivt fordelt. Kor og korps driv eit svært viktig borne- og ungdomsarbeid som er særleg viktig i ein vekstkommune som Meland. Fleire av desse laga har i dag låge medlemstal og drift vert då fordelt på få heimar. Om kulturskulen kan tilby sal av dirigenttenestar vil dette avlaste mykje. Prisen på slike dirigenttimar har ikkje vore regulert på svært mange år og bør aukast monaleg. Regulering vil i så fall kunne gjelde frå skuleåret 2015/16. Når det gjeld prisar for undervisning ved kulturskulen ligg Meland kommune høgt i forhold til nabokommunane. Desse satsane bør difor ikkje regulerast.

Kulturskulen har grunna høgt sjukefråvere hatt eit svært høgt forbruk på vikarpostane skuleåret 2013/14. Skuleåret 2014/15 har skulen difor vore svært restriktiv og forsiktig ved tilsetjingar, noko som fører til at lågare lønskostnadar enn budsjettert for 2014.

### **Meland bibliotek**

Biblioteket samarbeider med Lindås bibliotek om eit strukturendringsprosjekt delvis finansiert av Nasjonalbiblioteket og Hordaland fylkesbibliotek. Prosjektet skal resultere i meir-ope bibliotek, fullautomatisert utlån, fordjuping i skjønnlitterær formidling (Meland) , faglitterærformidling (Lindås) og fagleg og administrativ arbeidsdeling mellom dei to biblioteka. Målet er å utnytte ressursane betre og gje betre tilgjenge til biblioteket for innbyggjarane. Prosjektet skal gå fram til og med 2016.

### **Frivilligsentralen**

Blir delvis finansiert gjennom statstilskot. For 2014 var tilskotet 310 000,-. Det er ikkje motteke endeleg vedtatt kva tilskotet blir for 2015, men vi har lagt til grunn same nivå i budsjettet for 2015.

## 12. Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK)

### 12.1. Organisering

Tenesteområdet er oppdelt i følgjande ansvarsområde:

- 600 Administrasjon, eigedomsforvaltning og utbygging
- 601 Plan, geodata og oppmåling, delvis finansiert med gebyrinntekter
- 602 Byggesak Sjølvkostbasert og finansiert med gebyrinntekter.
- 603 Landbruk, natur og miljø
- 610 Drift og vedlikehald kommunale bygg
- 612 Drift og vedlikehald vegar, kaiar og plassar
- 613 Reinhold
- 614 Avlaupsreinsing Netto ramme 0, sjølvkostbasert og finansiert med avgifter.
- 615 Vassforsyning Netto ramme 0, sjølvkostbasert og finansiert med avgifter.
- 616 Slamtømming og feiing

Begge tenestene er interkommunale, der alle driftskostnader ligg i samarbeidstiltaket. Meland kommune står for innkrevjing av avgifter. Netto ramme er 0, då desse områda og er sjølvkostbaserte.

### 12.2. Utfordringar ved Plan, utbygging og kommunalteknikk

#### 12.2.1. Utbygging og forvaltning av kommunen sine eigedomar, vegar, vatn- og avlaupsanlegg

Kommunen eig mange bygningar, store tekniske anlegg og mykje areal, til bruk for innbyggjarane. Fleire bygg og anlegg veks vi ut av; folkeveksten gjer det til tider trøngt om plassen. Trygg og stabil vassforsyning, klasserom fri for muggsopp, avlaupsanlegg som ikkje ureiner og vegar som er framkommelege sommar som vinter, er basis for at det i det heile kan bu folk i kommunen. Det gjeld for gamal og ung, for sjuke og friske, for næringsdrivande og privatpersonar. Det er eit fundament som verken er brukarstyrt eller behovsprøvd.

Dei siste tiåra har kommunen fått fleire vegar å drifte, fleire bygg å vedlikehalde, fleire vatn- og avlaupsanlegg å drifte, meir kompliserte driftsovervåkingssystem, strengare krav til dokumentasjon og rapportering, høgare krav til brøyting og anna vintervedlikehald, og generelt fleire innbyggjarar med høge forventningar til kvaliteten på kommunale bygg, vegar og anlegg. Tal tilsette innan drift og vedlikehald har stått i ro. Kompetansekravet er høgt, noko som er utfordrande i høve til rekruttering.

Kommunen har ei stor og viktig oppgåve i verdiforvaltning slik at den felles bygnings- og anleggskapitalen vert teken vare på. Vidare har kommunen ei stor og viktig oppgåve i verdiskaping når nye bygg og anlegg må byggjast ut. Måten investeringsoppgåvene blir planlagt og gjennomført på, har stor verknad for kommunen sin økonomi både når det gjeld investeringsbudsjettet og etterfølgjande kostnader til drift og vedlikehald. Dei siste åra er derfor kapasitet og kompetanse innan utbygging og forvaltning blitt styrka, men kommunen manglar framleis noko kapasitet når det gjeld byggefagleg kompetanse.

#### 12.2.2. Planlegging, byggesaksbehandling, kart og oppmåling, landbruk og miljø

Gode utbyggingsplanar, god byggesaksbehandling og korrekt matrikkelføring er like fundamentalt for at folk vil bu i kommunen, og for kommunen sine skatteinntekter. Innbyggjarane kan t.d. ikkje velje berre «litt» byggesaksbehandling. Den private eigedomsretten blir i høgste grad påverka av korleis kommunen



handterer desse tenestene, som er sær s detaljert lov- og forskriftsregulert, krev høg kompetanse og god nok kapasitet.

Administrasjonen har det første halvåret arbeid for å betre kapasiteten innan plan- og byggesaksbehandlinga. Resultatet er at det er to heile stillingar på plansaker og fire heile stillingar på byggesaker frå hausten 2014. Om få år vil det bli nødvendig å auke kapasiteten endå meir innan planlegging, både på grunn av sterkare detaljfokus frå regionale og statlege styresmakter og fordi kommunen er sentral i samarbeidet om utfordringane i Bergensregionen. Arealdelen til kommuneplanen legg elles til rette for stortilt nærings- og bustadutbygging. Det vil også bli nødvendig å bruke ressursar på større kommunale planer, t.d. Midtmarka, Langeland og Ryland/Vikebø.

Eit godt plansystem og effektiv plansaksbehandling krev elles noko budsjettmidlar til konsulenthjelp, då kommunen enno ikkje har full kapasitet til å drive all planlegging i eigen regi.

Budsjettframlegget inneheld heilårsverknad av ny planleggjarstilling og ny byggesakshandsamar.

Budsjettframlegget inneheld heilårsverknad av ny planleggjarstilling og ny byggesaksbehandlar-stilling frå 2014, og auka midlar til konsulentkjøp for å oppfylle forventningar til kommunale planar, særleg dei utsette planane på Vikebø/Rosslund og Langeland / Sagstad. Budsjettet er elles justert for reduserte gebyrinntekter innan oppmåling som følgje av Walde-konkursen, her er det etterverknad også i 2015. Det er også overført kostnader frå investering til drift (ajourhald kartverket). Innan byggesaksområdet vil sjølvkostfondet vere negativt i 2015, før det blir bygd opp att, på grunn av låg saksbehandlingskapasitet i deler av 2013 og 2014.

### **12.2.3. Ureining og tilsyn**

Kommunen har eit stort ansvar for å følgje opp ureiningssaker og forsøpling, og føre tilsyn med ulike private bygg og anlegg. Sakene er tidkrevjande og det er nødvendig å bruke relativt store ressursar for at eventuelle miljøsyndarar skal bli pålagt å rydde opp etter seg, eller for at ulovlege tiltak blir fjerna. Dersom kommunen sjølv må rydde opp til slutt, kan kostnadene bli store. Administrasjonen er noko uroleg for at desse sakene ikkje får nok prioritet og kva for inntrykk som då blir skapt.

### **12.2.4. Administrasjon og leing**

Kommunen har framleis ein tradisjonell teknisk etat med ei leiarstilling. Avdelinga har eigen avdelingsleiar for drift og vedlikehald, men elles er det ingen vidare oppdeling i formell avdelingsstruktur. Det begynner å vekse fram eit sterkt behov for å formalisere to underavdelingar med personal- og koordineringsansvar. Pr i dag er det ikkje budsjettdekning eller stillingsheimlar nok til ei slik oppgradering. Det går ut over den faglege koordineringa, dagleg administrasjon og arbeidsdeling, planlegging av arbeidet, framdriftskontroll og teknologisk utvikling – område som ein bør ha stort fokus på for å sikre effektive rutinar og arbeidsmåtar.

Det er blitt knapt med sekretærar etter kvart. Med auka digitalisering og fleire elektroniske sakssystem er svært mange sekretæroppgåver overført til saksbehandlarane. Det er eit paradoks at saksbehandlarane dermed får mindre tid til å drive saksbehandling, og at dokumentasjonen og kvalitetskontrollen som sekretærane er ekspertar på er blitt redusert. Sakbehandlarane må i større og større grad flytte fokuset vekk frå faglege og juridiske vurderingar til tastar og knappar i eit skjermbilete og til kontoradministrasjon, som

dei er mindre trent i og brukar lengre tid på enn sekretæranne gjorde. Når saksmengda er liten går det bra, men med stor saksmengde (som er vanleg i teknisk sektor) vil dette på sikt medføre auka behov for saksbehandlarar på fleire område.

### **12.3. Rapportering på vedlikehaldsplanen for kommunale bygg**

Vedlikehaldsplanen for kommunale bygningar vart godkjent av kommunestyret i møte 19.10.2011. Konkrete prioriteringar skal gjerast av Utval for drift og utvikling første kvartal kvart år. Kommunestyret skal ha rapport i samband med budsjettbehandlinga kvar haust.

Rapportering av utført vedlikehald, oppdatering av handlingsdelen og prioritering av tiltak vart gjort hausten 2012 og 2013. I investeringsbudsjettet for 2013 vart vedlikehaldsmidlane stroke, og det var då ikkje grunnlag for å gjere vedtak om nye prioriteringar. Samstundes vart driftsbudsjettet sterkt redusert. I investeringsbudsjettet for 2014 vart vedlikehaldsmidlane teke inn att. Utval for drift og utvikling godkjente i møte 02.09.2014 ei prioriteringsliste som gjeld for resten av 2014 og for 2015. I budsjettframlegget frå administrasjonen for 2015 er det sett av midlar både i investeringsbudsjettet og i driftsbudsjettet, utan å auke ramma. Dersom det ikkje blir løyvd investeringsmidlar i 2015, vil det bli utført mindre arbeid i 2015 sjølv om tiltaka er prioritert.

Administrasjonen vurderer at med faste årlege løyvingar framover vil standarden på kommunale bygg komme opp på det nivået som vedlikehaldsplanen legg opp til. Arbeidet må planleggjast i god tid og førebust i tråd med lov om offentlege innkjøp. Utover dei planlagde vedlikehaldstiltak må det utførast vedlikehald og oppgraderingar som oppstår i akutte situasjonar, og reparasjonar etter hærverk eller skader.

#### **12.3.1. Kommunale bygg**

Rosslund skule: Hittil i 2014 er fleire toalett modernisert, grupperom er rehabilitert og bygg er malt. Planlagde tiltak er å skifte takstein på symjehallen, rehabiliterer pumper mm i bassenget, kle inn heissjakt, skifte nokre dører/vindauge og reparere gjerde rundt skulen. Vestbygd skule er malt i år. Planlagde tiltak er å montere elektriske dørøpnarar, slipe og lakke golv, kle murar og oppgradere uteområdet.

På Sagstad skule er det utført akutt rehabilitering av eit klasserom i samband med lekkasje, og elles utført noko malararbeid og arbeid på uteplassen. Planlagde tiltak er å montere elektriske dørøpnarar, utbetre meir av uteområda, skifte nokre takplater og nokre vindauge.

På Grasdal skule er det montert snøfangarar på tak og skifta flaggstang. Der er det planlagt å utbetre uteområdet noko.

På Meland ungdomsskule er det m.a. gjort noko malararbeid, roten kledning er skifta og naturfagrommet er oppgradert. Her er det også planlagt elektriske dørøpnarar, og ein murfasade skal kledast inn.

Marihøna barnehage har fått drenert vekk vatn på uteplassen i tillegg til større opprusting av uteområdet, det er skifta noko kledning og mange vindauge og dører. Heile bygget er malt. Planlagde tiltak er å skifte kjøkken.

På Rådhuset er det gjort noko ombyggingsarbeid for å skaffe nye kontorplassar. Planlagde tiltak er nødvendig utbetring av ventilasjonsanlegg. Elles er det planlagt å skifte eternittaket på gamle meieribygningen på Frekhaug, på grunn av større lekkasjar. Endeleg er det nødvendig å få energimerke alle kommunale bygg som følgje av lovkrav, her må det leigast inn konsulent.

Til saman er dette planlagde tiltak for om lag kr. 1 300 000,- i 2014 og 2015.

### **12.3.2. Kommunale utleigebustader**

I utleigebustadene er det gjort utskiftingar og oppgraderingar der det har vore nødvendig før nye leigetakarar flytter inn, i hovudsak kjøkken og bad. Det er i tillegg planlagt ein del utskifting av vindauge, dører og kledning, og maling av fasadar. Over ein to-års periode kan tiltaka summerast opp til kr 700 000,-.

## **12.4. Rapportering på status for private planar og kommunale planar / utgreiingar**

Oversikt over private reguleringsplanar og kommunale planar / utgreiingar ved Plan, utbygging og kommunalteknikk for 2014 vart behandla av kommunestyret i møte 11.12.2013. Utval for drift og utvikling vart orientert om status for 1. halvår 2014 og prioriteringar for 2. halvår, i møte 02.09.2014.

### **12.4.1. Kommunale planar og utgreiingar**

Kommuneplanen sin samfunnsdel med planstrategi vart godkjent av kommunestyret i møte 14.05.2014. Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel har vore intensivt, og planen er sendt ut på høyring etter vedtak i formannskapet i møte 04.06.2014. Etter høyringsrunden er det mykje arbeid med å gå gjennom innspel og merknader. Arbeidet har krevd deltaking frå planansvarleg og landbrukssjef i tillegg til kommuneplanleggjar og GIS-konsulent, og ein del andre planoppgåver er blitt nedprioritert.

Områdeplanen for Frekhaug sentrum er endeleg godkjent. Utfordringane framover er å få i gang den aktiviteten som planen legg til rette for.

Arbeidet med revisjon av tiltaksplanane for vatn og avlaup er i slutfasen, som ein felles plan i staden for to. Det er gjort resipientundersøkingar og risiko-analyser, og det er laga nettmodell av vassforsyningsystemet. Den nye tiltaksplanen vert fremja som eiga sak og vil ligge til grunn for prioritering av tiltak i investeringsbudsjettet for vatn og avlaup neste periode.

Det er elles starta arbeid med ei felles kommunal vegnorm, gjennom eit nettverk i regi av Norsk Kommunalteknisk Foreining – Hordaland.

### **12.4.2. Private planar**

Første halvår 2014 har vore sterkt prega av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Det er likevel gjort vedtak om offentleg ettersyn av 3 plansaker; to av dei er godkjent av kommunestyret (Bergotunet og E39)

og ei står for tur (Hjertås industriområde). Reguleringsplanen for Hoplandsdalen vart avvist ved sluttbehandlinga .

To utbyggingsavtalar er meldt inn; avtale for Elvaåsen og revidert avtale for Mjåtveitmarka. Utbyggjarar og grunneigarar venter elles på kommuneplanen sin arealdel.

Det er halde oppstartsmøte for 1 ny plan (Holsberget), det er meldt inn endring av ein plan og det er meldt inn klage på to planvedtak (Elvaåsen og Hoplandsdalen). Klagesakene vart behandla av kommunestyret i oktober.

#### **12.5. Oppsummerande kommentar til driftsbudsjett 2015 for PUK**

Kostnadsauken innanfor dei ulike områda er dekkja inn ved nedtrekk av generelle driftsutgifter så langt råd er og ved innsparingar som følgje av privatisering av ein del av reinhaldstenestene. Ramma for 2015 er såleis reduserast noko i høve til 2014.

### 13. Gebyr, avgifter og betalingsattsar

I budsjettet for 2015 vert det lagt opp til ei rein indeksregulering av betalingsattsane for SFO og kulturskule med 3%. Satsane har ikkje vore auka i 2013 og 2014. Vi må ha ein grundig gjennomgang av tilbod og pris i 2015 med tanke på budsjett 2016. Særleg tilbodet innan SFO treng å sjåast nærare på.

#### Kulturskule

Vårsemester	2014	2015	% auke
Instrumentopplæring	1 300	1 340	3 %
Søsken nr 2. med 25 % moderasjon	975	1 005	3 %
Søsken nr 3 med 50 % moderasjon	650	670	3 %

Haut-semester	2014	2015	% auke
Instrumentopplæring	1 500	1 545	3 %
Søsken nr 2. med 25 % moderasjon	1 125	1 160	3 %
Søsken nr 3 med 50 % moderasjon	750	775	3 %

#### Skulefritidsordninga

Born i heil plass	2014	2015	% auke
Born i heil plass (15-23 timar pr veke)	2 300 pr mnd	2 370 pr mnd	3 %
Søsken nr 2. med 25 % moderasjon	1 725 pr mnd	1 775 pr mnd	3 %
Søsken nr 3 med 50 % moderasjon	1 150 pr mnd	1 185 pr mnd	3 %

Born i halv plass	2014	2015	% auke
Born halv plass (7-14 timar pr veke )	1 500 pr mnd	1 545 pr mnd	3 %
Søsken nr 2. med 25 % moderasjon	1 125 pr mnd	1 160 pr mnd	3 %
Søsken nr 3 med 50 % moderasjon	750 pr mnd	775 mnd	3 %

Andre betalingsattsar vert lagt fram som eigne saker.

## 14. Investeringsbudsjett 2015 og kapitalrekneskapen for 2015

Vedtaket om investeringsbudsjettet gjeld for året 2015. Når vi i tabell og kommentarar og skriv noko om investeringar i åra framover er det for å vise kva prioriteringar som skal vere retningsgjevande for framtidige investeringar, og som vil liggje til grunn når økonomiplanen vert rullert våren 2015.

Tabellen inneheld først kolonnar for invest.beløp ekskl. mva. I budsjettvedtaket skal vi ha med investeringsbeløp inkl. mva, og mva-refusjon skal vere ein del av finansieringa. Dette gjeld ikkje for VA-investeringar som skal aktiverast netto ekskl. mva.

### 14.1. Ordinære investeringar

<i>Alle tal i heile 1000 kr</i>	Ekskl. mva					Inkl. mva
<b>Investering Ordinære driftmidlar:</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>Seinare</b>	<b>2015</b>
<b>IKT</b>						
IKT Nordhordland	450	450	450	450		563
IKT Meland	550	550	550	550		688
Digitale tavler og Klasesett bærbare PC-ar skulane	300	300	300	300		375
<b>Teknisk sektor</b>						
Kommunale vegar	700	700	700	700		875
Trafikksikring	300	300	300	300		375
Kommunale bygg	1 000	1 000	1 000	1 000		1 250
Kommunale kaiar	400	500	500	500		500
Kostemaskin		500				-
Ny traktor	700					875
Kantklyppar til traktor	400					500
Gangbru Mjåtveitvegen	1 440					1 800
Veglys Dalemarka	700					875
Veglys Beitingen	1 100					1 375
<b>Kyrkje</b>						
Kjøp av sentrumsareal	3 500					4 375
Restaurering av orgel	310					388
Utviding av kyrkjegard		500	500	500	18 500	-
<b>Skular</b>						
Uteområde skular	200	200	200	200		250
Tilbygg Grasdal skule	7 200	10 800				9 000
Tilbygg Sagstad skule	9 000	17 000				11 250
Tilbygg Meland ungdomsskule			4 000	6 000		-
<b>Barnehage</b>						
Ny kommunal barnehage				10 000	14 000	-
<b>Institusjon/kommunale bustader</b>						
Adgangssystem Meland sjukeheim	200					250
Balkong omsorgsbustader Meland rådhus		300				-
Utleiebustader for vanskelegstilte	6 000	6 000	6 000	6 000		6 000
Omsorgsbustader med heldøgns tilsyn	3 100	3 100		6 000		3 875
<b>Sum ordinære driftmidlar:</b>	<b>37 550</b>	<b>42 200</b>	<b>14 500</b>	<b>32 500</b>	<b>32 500</b>	<b>45 438</b>
<b>Finansiering:</b>						
Mva-refusjon						7 888
Bruk av kapitalfond	2 000	2 000				2 000
Tilskot						
Lån	35 550	40 200	14 500	32 500	32 500	35 550
<b>Sum finansiering ordinære driftmidlar:</b>	<b>37 550</b>	<b>42 200</b>	<b>14 500</b>	<b>32 500</b>	<b>32 500</b>	<b>45 438</b>

<b>IKT</b>
<b>IKT Nordhordland</b> Meland kommune sin del av fellesinvesteringar i IKT Nordhordland
<b>IKT Meland</b> Løpande investeringar i IKT utstyr i kommunen
<b>Digitale tavler og Klasesett bærbare PC-ar skulane</b> Investering i digitalt undervisningsmateriell på skulane

<b>Teknisk</b>
<b>Kommunale vegar</b> Kommunedelplanen for kommunale vegar, godkjent av kommunestyret 12.03.2008, tek for seg vedlikehald og opprusting av både kommunale vegar og kaier. For å få ei oppgradering over ein 15-års periode er det i planen tilrådd avsett kr 1,5 mill pr år. For perioden 2014-2018 er det satt av kr 700 000 pr år. Dette er mindre enn kva kommunedelplanen tilrår, men fremlegget er tilpassa totalrammene for dei kommunale investeringane.
<b>Trafikksikring</b> Trafikksikringsplan for Meland kommune 2012-2016 er godkjent av kommunestyret i møte 12.09.2012. For økonomiplanperioden er det sett av kr 300 000,- årleg til trafikksikringstiltak. Dette er mindre enn ønskjeleg i høve til trafikksikringsplanen, men tilpassa totalrammene for dei kommunale investeringane. Årleg handlingsplan med konkrete tiltak vert godkjent av Utval for drift og utvikling.
<b>Kommunale bygg</b> Vedlikehaldsplan for kommunale bygningar godkjent av kommunestyret 19.10.2011 legg premissane for det planlagde vedlikehaldet. Årleg handlingsplan med konkrete tiltak vert godkjent av Utval for drift og utvikling.
<b>Kommunale kaier</b> Kommunedelplanen for kommunale vegar, godkjent av kommunestyret 12.03.2008, tek for seg vedlikehald og opprusting av både kommunale vegar og kaier. For å få ei oppgradering over ein 15-års periode er det i planen tilrådd avsett kr 0,5 mill pr år.
<b>Kostemaskin</b> Kommunen bruker i dag innleid maskin, men behovet er så stort at det bør kjøpast inn ein eigen maskin. Maskina skal nyttast til reingjering av kommunale vegar. Støv og sand frå trafikkerte områder er både miljømessig og helsemessig til ulempe.
<b>Ny traktor</b> Avdeling for eigeidom, anlegg og beredskap har for tida to traktorar. Ein av traktorane er det no behov for å skifte ut grunna høg alder og store reparasjonsutgifter.
<b>Kantklippar til traktor</b> Kommunen leier i dag inn kantklippar til vegetasjonsrensk langs kommunale vegar. Behovet for vegetasjonsrensk er sterkt aukande, og det er nødvendig å kjøpe inn eigen maskin.
<b>Gangbru Mjåtveitvegen</b> Eit ledd i utbyggingsavtala for Løypetona der kommunen finansierer deler av trafikksikringstiltaka. Forskotteringsavtale er godkjent av kommunestyret i møte 24.10.2012. Brua har blitt noko dyrare enn først kostnadsrekna.

**Teknisk forts.****Veglys Dalemarka**

Revidert trafikksikringsplan er godkjent av kommunestyret i møte 12.09.2012. Veglys i Dalemarka ligg inn som eit av tiltaka på kommunale veger. Tiltaket overskrid den årlege posten på trafikksikringstiltak, og er difor satt opp som eige prosjekt. Prosjektet må om mogleg sjåast i samanheng med etablering av breiband i området.

**Veglys Beitingen**

Revidert trafikksikringsplan er godkjent av kommunestyret i møte 12.09.2012. Veglys til Beitingen ligg inn som eit av tiltaka på kommunale veger. Tiltaket overskrid den årlege posten på trafikksikringstiltak, og er difor satt opp som eige prosjekt. Prosjektet må om mogleg sjåast i samanheng med etablering av breiband i området.

**Kyrkje****Kjøp av sentrumsareal**

I samband med kommuneplanen og områdeplan for Frekhaug sentrum må ein sjå på kommunen sitt behov for areal, mellom anna til ny kyrkjetomt. Det er lagt inn midlar til dette, men nærare utgreiingar må til før ein veit korrekte beløp.

**Restaurering av orgel**

Vindladene på orgelet må restaurerast. Det er henta inn tilbod på arbeidet med utgangspunkt i oppstart i 2015.

**Utviding av kyrkjegard**

Det er eit krav om at kommunen skal ha ledige gravplassar til 3 % av innbygarane til ein kvar tid. Prognosar viser at ein i rundt år 2017 ikkje lenger vil tilfredsstille dette kravet. Det er ønskjeleg at det vert bygd 600 nye gravplassar innan 2020. Hovudplan for utviding av Meland kyrkjegard skisserer ei utviding i bratt terreng. Nytt lovverk om universell utforming gjer at kommunen no må vurdere andre areal for utvidinga. Anna areal er no teke inn i høringsutkast til kommuneplanens arealdel. Detaljregulering av nytt areal og revidering av hovudplan bør gå i gang snarleg etter godkjenning av ny kommuneplan. Utviding av kyrkjegard må også omfatte omlegging av veg som no går over kyrkjetunet.

**Skuler**

Merknad: Investeringane som er satt opp for skule er dei same som vert anbefalt i Prosjektrapport – Utgreiing skulestruktur 2015-2018.

**Uteområde skuler**

Investeringar i uteområde for elevar og parkeringsplassar

**Tilbygg Grasdal skule**

Det er behov for 4 nye klasserom med tilhøyrande grupperom samt kontor og møterom for lærarne. Tilbygget bør stå klart til skulestart haust 2016.

**Tilbygg Sagstad skule**

Det er behov for 6 nye klasserom med tilhøyrande grupperom samt kontor og møterom for lærarne. Tilbygget bør stå klart til skulestart haust 2016. Det er også eit behov for større skuleplass.

**Tilbygg Meland ungdomsskule**

Det er behov for 3 nye klasserom med tilhøyrande grupperom. Det er noko usikkert når tilbygget bør stå klart. Det er i denne omgang lagt inn ferdigstilling i 2018.



<p><b>Barnehage</b></p> <p><b>Ny kommunal barnehage</b></p> <p>Prognoser viser at det om etterkvart vil bli for lite kapasitet på barnehageplassar i kommunen. Prognosane er usikre, men ein reknar med at det kan bli aktuelt i slutten av økonomiplanperioden. Det er ønskjeleg og bygge ein ny stor kommunal barnehage.</p>
<p><b>Helse, sosial og omsorg</b></p> <p><b>Adgangssystem Meland sjukeheim</b></p> <p>Meland sjukeheim har i dag tre ulike system. For å ivareta både tryggleiken til pasientar og ansatte er det behov for å etablere eit samla system på bygget. Ein reknar også med og måtte skifte ut fleire av dørene.</p> <p><b>Balkong omsorgsbustader Meland rådhus</b></p> <p>Leigetakarar har i dag ikkje eige uteopphaldsareal. Det må gjerast ei nærare vurdering av teknisk løysing og kostnadskalkylen er difor svært usikker.</p> <p><b>Utlegebustader for vanskelegstilte</b></p> <p>Ny temaplan for Helse, sosial og omsorg 2015-2018 samt eigen Bustadmelding er under arbeid. Temaplan er statagisk dokument som skal følgjast opp med eigne Handlings- og tiltaksplanar for dei einskilde tenesteområder.</p> <p>I høve busetting av flyktningar har Kommunestyret vedtak i sak 57/2014 om mottak av 15 nye flyktningar per år i perioden 2015-2017. Det er soleis trong for fleire kommunale utlegebustader. Det er ønskjeleg at kommunen eig desse bustadane framfor å leige dei. Det er lagt inn kjøp av 3 bustader per år i planperioden. Storleik på hus samt lokalisering/bumiljø vert å vurdere. Det er eige investeringstilskot via Husbanken på inntil 40 % til det enkelte prosjekt.</p> <p><b>Omsorgsbustader med heldøgns helse- og sosialteneste</b></p> <p>Ny Temaplan for Helse, sosial og omsorg 2015-2018 samt eigen Bustadmelding er under arbeid. Det er behov for å kjøpe ein avlastnings/barnebustad i 2015. Tiltaket er grunna i trong for forsterka avlastning for kjende brukarar/pårørande. Det er parallelt eige framlegg om finansiering av tenesteyting jfr driftsbudsjettet til Meland heimeteneste. I 2016 er det vurdert behov for å kjøpe ein ny einbustad grunna behov for rehabilitering av eldre kommunal bustad som per tid vert nytta med forsterka tenesteyting .</p> <p>I 2018 er det vurdert behov for å bygge nye omsorgsbustader sentralt i Meland, 12 stk. bueiningar med fellesareal. Bygningsmasse kan både vurderast å vere samla i 1 bygg eller delast i 2 separate bygg (2x6 einingar). Målgruppa er personar som treng tenester på ulike tider av døgnet. Omfang av tenester vil kunne vaiere gjennom døgnet og over tid. Dette kan inkludere personar med langvarig somatisk sjukdom, funksjonshemming, utviklingshemming, rusvanskar og/eller psykiske lidningar.</p> <p>Det er eige investeringstilskot via Husbanken. Per i dag er dette på 1,3 mill per bustad.</p>

### **Ikkje prioriterte tiltak:**

- **Idrettshall/Symjehall :**  
Det er eit stort behov for ny idrettshall i kommunen. Både Sagstad skule og Meland ungdomsskule manglar gymsal. Dei lokala som i dag vert leigd (Meland Aktiv, Nordhordland folkehøgskule) byrjar å få lite kapasitet. Ved bygging av ein ny idrettshall er det ønskjeleg å bygge eit anlegg som kan nyttast i fleire samanhengar og også kunne fungere som eit regionalt anlegg. Her vil det også kunne vere ønskjeleg å etablere eit nytt symjebasseng. I dag er det berre Rosslund skule som har symjebasseng. Bassenget er av eldre dato, og vil ha ei avgrensa levetid. Tiltaket er førebels ikkje utgreidd ettersom det ikkje er funne rom for det i økonomiplanperioden.
- **El-bil ladestasjon:**  
Etablering av el-bil ladestasjon er ikkje lagt inn i budsjettet, ettersom administrasjonen i utgangspunktet ikkje vurderer dette som ei kommunal oppgåve.
- **P-plasser fysioterapi:**  
Det vert vurdert at sjukeheimen samla sett skal ha nok parkeringsplassar. Det vil bli sett opp skilt om reserverte plassar for fysioterapi som eit tiltak innanfor driftsbudsjettet.
- **Parkering Frekhaug kai:**  
Det er i dag knapt med parkeringsplassar på kaien. Det er ikkje areal til større parkeringsanlegg i nærområdet. Det vil bli sett på tiltak for å auke kapasiteten på eksisterande areal i driftsbudsjettet.
- **Straumaggregat Meland sjukeheim:**  
Det er behov for eit straumaggregat på Meland sjukeheim. Det er lagt inn midlar til eit mobilt straumaggregat på Meland vassverk. Ein kan her få noko sambruk, men det bør etter kvart etablerast eit straumaggregat som berre tilhøyrar sjukeheimen. Dette bør vurderast nærare ved seinare revidering av økonomiplanen.
- **Helsehus:**  
Det er behov for samlokalisering og større lokale til fastlege, helsestasjon, fysioterapi og psykiske helsetenester på Frekhaug. Grunna usikkerheit knytt til framtidig bruk av Meland rådhus i ein eventuell ny kommunestruktur, er det ikkje lagt inn noko midlar til helsehus i denne omgang.

## 14.2. Investeringar vassverk og avlaup

Tiltakene er vurdert i samband med ny tiltaksplan for Vassforsyning, avlaup og vassmiljø. Tiltaksplanen er planlagt vedteke i desember 2014. Høyringsutkastet skal no ut på høyring.

Alle tal i heile 1000 kr		Ekskl. mva			
Investeringar i Vassverk og avlaup (sjølvkostfinansierte)	2015	2016	2017	2018	Seinare
Vatn					
Vassleiding Ådlandsvågen - Landsvik	15 000				
Nytt fullreinseanlegg i Hestdalen	3 000	18 300	23 900		
Mobilt straumaggregat vassverk	1 000				
Vassleiding Fløksand-Beitingen	6 200	6 200			
Vassleiding Tveit-Holme		3 600			
Vassleiding Landsvik-Rossland		11 100	11 100		
Vassleiding Vollo-Brakstad				12 300	
Nytt høgdebasseng Rossland				5 000	
Vassleiding Litlebergen-Frekhaug				6 600	6 600
Avlaup					
Avlaupsleiding Holmeknappen-Tveit	5 200	6 600			
Orrhøyen II - slamavskiljar	1 900				
Orrhøyen I - slamavskiljar og utslepp	900				
Sanering Fløksand		5 100			
Sanering Brakstad			4 000	2 000	
Oppgradering Varnappen reinseanlegg			1 000		
Overføring Leirdalen-Eikeland				4 500	
Separering Grønlandsområdet	2 500	2 500	2 500		
Sanering Rosslandspollen			5 000	5 000	5 000
Resipientgranskning sjø	400				
<b>Sum VA-investeringar:</b>	<b>36 100</b>	<b>53 400</b>	<b>47 500</b>	<b>35 400</b>	<b>11 600</b>
<b>Finansiering:</b>					
Lån:	36 100	53 400	47 500	35 400	11 600
<b>Sum finansiering:</b>	<b>36 100</b>	<b>53 400</b>	<b>47 500</b>	<b>35 400</b>	<b>11 600</b>

<b>Vatn</b>
<p><b>Vassleidning Ådlandsvågen – Landsvik</b></p> <p>For å unngå nye tiltak og investeringar for Husebø vassverk vil ein tilrå å kople Husebø til Meland vassverk ved bygging av ein leidning frå Ådlandsvågen ned til Riplevika og vidare i sjøleidning over til Landsvik, der leidningen vert kopla til eksisterande vassleidning. Då Mattilsynet har stilt krav om oppgradering av Husebø vassverk, vil ein tilrå at sambandet mellom Meland vassverk og Husebø vassverk vert bygd snarast. Husebø vassverk kan avviklast når Husebø forsyningsområde er knytt til Meland vassverk.</p>
<p><b>Nytt fullreinseanlegg - Hestdal</b></p> <p>For å sikre Meland kommune godt, nok, og sikkert vatn i framtida vert det tilrådd å byggje ut eitt hovudvassverk i kommunen. Dette er også i samsvar med tilrådinga i utkast til kommuneplanen for 2014-2025. Nytt hovudvassverk vert tilrådd bygd som eit fullreinseanlegg i nærleiken av eksisterande Meland vassverk i Hestdalen. Det er avsett areal til dette i utkastet til kommuneplan for 2014-2025. Storavatnet vil bli ny råvasskjelde. Dagens inntak i Kvernavatnet og Storavatnet vert haldne ved like som kriseforsyning. Arbeidet med planlegging av nytt hovudvassverk i Hestdalen bør starte snarast med utarbeiding av eit skisseprosjekt der ein drøftar aktuelle behandlingsprosessar.</p>
<p><b>Mobilt straumaggregat Meland vassverk</b></p> <p>Det er gjennomført ein risiko- og sårbarheitsanalyse for vassforsyninga i Meland kommune, der det har kome fram at det er behov for eit straumaggregat på Meland vassverk.</p>
<p><b>Vassleidning Fløksand-Beitingen</b></p> <p>For å sikre vassforsyninga til Rossland vil ein tilrå bygging av ny leidning frå Fløksand til Beitingen. Denne leidningen vil gje ei ringleidning som gjev ei tryggare forsyning til Rossland.</p>
<p><b>Vassleidning Tveit-Holme</b></p> <p>I samband med legging av ny avlaupsleidning frå Tveit til Holmeknappen vert det tilrådd å oppgradere eksisterande leidning frå Tveit til Holme i felles grøft med avlaupsleidning.</p>
<p><b>Vassleiding Landsvik-Rossland</b></p> <p>For å sikre vassforsyninga til Husebø og Rossland, og klarlegge for nytt høgdebasseng på Rossland, vert det tilrådd ein ny leidning frå Landsvik til Rossland. Dette vil gje eit ringsamband som gjer det mogeleg å forsyne Husebø også frå Rossland ved eventuell driftsstans for den nye sjøleidningen Riplevika-Landsvik. Vidare vil også Rossland få betre sikring fordi det vil vere mogeleg å forsyne Rossland gjennom ny sjøleidning Riplevika-Landsvik.</p>
<p><b>Vassleiding Vollo-Brakstad</b></p> <p>I samband med bygging av ny avlaupsleidning frå Vollo til Brakstad vil ein tilrå ei oppgradering av eksisterande leidning frå Vollo til Brakestad i felles/delvis felles grøft med avlaupsleidning.</p>
<p><b>Høgdebasseng Rossland</b></p> <p>For å gje betre sikring av forsyninga i den nordvestlege delen av kommunen vil ein tilrå å byggje eit høgdebasseng på Rossland. Denne delen av kommunen har ikkje nokon form for utjamning/magasinerings. Eit høgdebasseng vil gje god sikring også mot evt. leidningsbrot på overføringsleidningen frå Meland vassverk. I tillegg vil eit høgdebasseng her betre trykktilhøva i nettet. Etter legging av sjøleidningen frå Riplevika til Landsvik kan ein få ujamne trykktilhøve som kan utjamnast i eit høgdebasseng.</p>
<p><b>Vassleiding Litlebergen – Frekhaug</b></p> <p>For å sikre forsyninga til Frekhaug og legge til rette for vidare utbygging både på Frekhaug og Flatøy vil ein tilrå bygging av ein ny vassleidning frå Litlebergen til Frekhaug.</p>

Avlaup
<p><b>Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit</b></p> <p>I 2011-2012 vart det bygd felles vassforsynings- og avlaupsleidingar mellom Vollo og Tveit vegkryss, langs Brakstadvassdraget. I tillegg er det etablert leidningsanlegg langs ei strekning forbi barnehagen på Holme. Desse tiltaka er ein del av eit større prosjekt med å avlaupssanere Brakstadvassdraget. Førrebeles er ingen tilknytt avlaupsanlegget. For å gjere ferdig saneringstiltaket må det byggjast reinseanlegg og utslepp ved Holmeknappen, og avskjerande leidningsanlegg opp til fv.564 – og vidare opp til vegkrysset på Tveit, der det vert tilkopl eksisterande avlaupsleidning. Dette tiltaket var og med på investeringsplanen i hovudplanen 2010-2014, men vart ikkje utført.</p>
<p><b>Orrhøyen II – slamavskiljar</b></p> <p>Bustadfeltet har til no hatt avlaup som går rett i fjorden utan reinsing. Bygging av slamavskiljar er ferdig prosjektert, og arbeidet vil starte opp i byrjinga av 2015.</p>
<p><b>Orrhøyen I – slamavskiljar og utslepp</b></p> <p>Meland kommune skal overta privat avlaupsanlegg for bustadfeltet Orrhøyen I. Eksisterande slamavskiljar og utsleppsanlegg er i dårleg stand og må utbetrast.</p>
<p><b>Sanering Fløksand</b></p> <p>I samband med vassleiding Fløksand-Vikebø er det bygd leidningsanlegg for avlaup langs delar av Fløksandvegen. I dette tiltaket inngår bygging av reinseanlegg (slamavskiljar) og utsleppsleidning. I tillegg vert avlaupsanlegget utvida langs Vestbygdvegen, for å utløyse bustadfeltet på austsida av fylkesvegen.</p>
<p><b>Sanering Brakstad</b></p> <p>På nordvestsida av Brakstadvatnet er det om lag 30 bustader og noko næring (samla ca 120 pe), der avlaupsvatn drenerer til vassdraget. Avlaupsvatnet vert samla i ei ny pumpestasjon langs veggen, og overført mot Fløksand i vest. Leidningsanlegget må førast fram til utbygd anlegg på Fløksand. Saneringstiltaket er ein del av eit større prosjekt med å avlaupssanere Brakstadvassdraget, og var med i handlingsplanen 2010-2014 (med ei anna løysing).</p>
<p><b>Oppgradering Varnappen reinseanlegg</b></p> <p>Varnappen RA er i dag ikkje tilrettelagt for å dokumentere mengde eller kvalitet på reinsa avlaupsvatn (alternativt reinseeffekt). Dette er eit krav i avlaupsregelverket (frå 1.1.2007) for utslepp i tettstader &gt; 1000 pe (som Frekhaug). Innhald av suspendert stoff i avlaupsvatnet skal målast kvar månad, slik at ein kan dokumentere om utsleppet stettar det nasjonale minstekravet til innhald/reinseeffekt for denne type anlegg og resipient. Det må etablerast punkt for å hente ut representative vassprøvar (mengdeproporsjonal prøvetaking), og det må installerast mengdemålar.</p>

## Avlaup forts.

### Overføring Leirdalen-Eikeland

Ein ønsker å avlaste pumpestasjonen i Vikebø, og den lange utsleppsleidningen gjennom Roslandspollen. Det er satt av eit stort område til bustadføre mål sør for Leirdalen, området drenerer til Leirdalen der kommunen allereie har pumpestasjon (for bustader og verksemd på Ryland) som overfører avlaupsvatn mot Vikebø. Tiltaket går ut på å etablere overføringsanlegg mellom eksisterande pumpestasjon og eksisterande avlaupsnett på Eikeland (i sør-vest), og "snu" pumperetninga. Avlaupsanlegget på Eikeland blir bygd ferdig med reinseanlegg (slamavskiljar) og utslepp i 2014. Avlaup frå ca. 130 pe vert då overført til Eikeland, og avlasta frå reinseanlegget på Vikebø. I tillegg kjem avlaup frå framtidige utbyggingsområde.

### Separering Grønlandsområdet

Det er behov for å redusere vassmengda som går i overlaup rundt reinseanlegget på Varnappen. Vassmengde og -kvalitet er sterkt påverka av nedbør. Hovudårsaka er at det kjem inn mykje framandvatn i nettet frå bustadfeltet på Grønland. Overvatn frå tak og vegsluk er i dag kopla direkte inn på det kommunale avlaupssystemet, og i periodar med langvarig eller kraftig nedbør blir mengdetilførselen høgare enn kapasiteten til reinseanlegget. Overvatn bør separerast frå sanitært avlaupsvatn i området, det bør byggjast eige overvasssystem som leier "reint" overvatn til næraste bekk/terreng

### Sanering Roslandspollen

Roslandspollen er ei innelukka og sårbar resipient med dårleg vassutskifting. Oppsamla avlaup ved Ryland-Vikebø vert ført ut av pollen gjennom ei lang pumpeleidning, til utslepp i Herdlefjorden. Men det er mange bustader i Rosland-, Skurtveit- og Io-området som har direkte/indirekte avlaupsutslepp til pollen. Sjølv om det i seinare tid er sett krav til reinsing i minireinseanlegg frå spreidd busetnad i nedslagsfeltet, er det eit langsiktig mål å få sanert Roslandspollen for alle utslepp. Oppsamla avlaupsvatn bør leiast ut i det opne fjordsystemet, Herdlefjorden.

Det er relativt store avstandar og komplisert terreng i nedslagsområdet, og det bør utarbeidast ei samla plan for korleis ein kan sanere eksisterande utslepp til Roslandspollen og overføre avlaupsvatnet til Herdlefjorden.

### 14.3. Finansiering av investeringane og andre kapital- og finansieringspostar

I sum budsjetterer vi med kr 81,538 mill i investeringar inkl. mva for 2015. Rådmann gjer framlegg om å finansiere desse investeringane med kr 71,65 mill i nye lån, kr 2,0 mill i kapitalfond og kr 7,888 mill i mva-refusjon.

Andre postar i kapitalrekneskapen er:

- Eigenkapitalinnskott i KLP er rekna til å verte kr 700.000,- for 2015. Rådmann gjer framlegg om at dette vert finansiert med bruk av kapitalfond.
- Kommunen fekk i 2014 kr 7 mill til vidareutlån av startlån. Rådmann gjer framlegg om at budsjettet for 2015 vert på same nivå. Vidareutlån vert bokført som kapitalutgift og innlånet frå Husbanken som bruk av lån.
- Betaling av avdrag på startlån skal først i kapitalrekneskapen. Vi har ikkje rekna i detalj på kor mykje avdraga frå vidareutlån vi kan rekne med å få inn i 2015, men gjer ein føresetnad om at mottak av avdrag er lik den summen som vi skal betale i avdrag på innlån av startlån frå Husbanken. Eventuelle avvik mellom desse avdraga skal uansett først som bruk av / tilgong på fond, og vil ikkje ha nokon netto effekt på driftsrekneskapen eller kapitalrekneskapen.

I sum budsjetterer vi med at kapitalrekneskapen balanserar som i tabellen nedanfor.

<b>Investeringar og andre kapitalutgifter:</b>	<b>2015</b>
<b>Sum alle investeringar:</b>	<b>81 538</b>
Eigenkapitalinnskott KLP	700
Startlån - vidareutlån	7 000
Avdrag på Startlån - Husbanken	2 323
<b>Sum investeringar og andre kapitalutgifter:</b>	<b>91 561</b>
<b>Finansiering /kapitalinntekter:</b>	
Mottatte avdrag startlån	2 323
Mva-refusjon	7 888
Bruk av kapitalfond	2 700
Lån Husbanken for vidareutlån	7 000
Lån	71 650
<b>Sum finansiering investeringar og anna:</b>	<b>91 561</b>

## 15. ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK

- «1. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjett for 2015 i samsvar med det spesifikasjonar som vist ovanfor. Framlegget til budsjett vert lagt fram til offentleg ettersyn i samsvar med gjeldande reglar i kommunelova.
2. Kommunestyret godkjenner rammer for budsjettet slik:
  - Inntekter frå skatt og rammetilskot kr 388,8 mill
  - Netto inntekter frå eigedomsskatt kr 16,5 mill
  - Inntekter frå Utbytte, renteinntekter og rentekompensasjonmidlar kr 6,8 mill
  - Utgifter til avskrivningar, renter og avdrag på lån inkludert interne kalkulatoriske postar kr 11,3 mill
  - Netto driftsramme (utgifter) for alle tenesteområda kr 393,1 mill.
  - Rest til disponering er kr 7,7 mill som vert å avsette til disposisjonsfond
3. Heimel for utskrivning av eigedomsskatt i Meland kommune er Eigedomsskattelova §§2 og 3. I samsvar med Eigedomsskattelova § 3 vert eigedomsskatt skrive ut på alle faste eigedomar i kommunen i 2015. Eigedomsskatt på verk og bruk, andre næringseigedomar og oppdrettsanlegg vert utrekna etter skattesats 7,0 promille i 2015. Eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar, samt andre eigedommar vert utrekna etter skattesats 3,0 promille i 2015.

Eigedomsskatten for 2015 forfell i 3 like terminar med forfall 31.mars, 31.juli og 30.november.
5. Kommuneskatt på personleg inntekt og eige jfr. skattelova §19, vert utrekna i samsvar med dei satsar som vert vedteke i statsbudsjettet for 2014. Det kommunale skatteøyre er fastsett til 11.25 % i 2015.
6. Framlegg til brutto investeringar i 2015 er totalt kr 81,538 mill. Av dette kr 45,438 mill til ordinære driftsmidlar medan kr 36,1 mill er til investeringar til vassverk og avlaup som vert finansiert via sjølvkostrekneskapa for vassverk og avlaup.

Brutto investeringar i 2015 er finansiert slik:

Nye innlån til investeringar	kr 71,65 mill
Kapitalfond til investeringar	kr 2,0 mill
Mva-refusjon	kr 7,888 mill
7. Kr 7 mill vert sett av til vidareutlån av startlån.

Innlån frå Husbanken for å finansiere slikt vidareutlån kr 7 mill.  
Avdrag på startlån til Husbanken kr 2.323.000,- og mottak av avdrag på vidareutlån med kr 2.323.000,-.
8. Eigenkapitalinnskot i KLP vert budsjetttert med kr 700.000,- finansiert med bruk av kapitalfond kr 700.000,-.»